



## Innkalling Eldrerådet

**Møtedato:** 05.12.2019  
**Møtested:** Møterommet Børilden, kommunehuset  
**Møtetid:** 10:00 - 11:30

Det kan verta ettersendt meir informasjon.  
Rådmann og økonomisjef vert med i møta.

Forfall skal meldast til Servicekontoret t. 56162000/post@austrheim.kommune.no  
Varamedlem møter berre etter nærare innkalling

### Saksliste

Saksnr	Tittel
001/19	Godkjenning av innkalling og saksliste
002/19	Godkjenning av møteprotokoll
003/19	Orienteringssak
004/19	Budsjett 2020 og økonomiplan 2020-2023

Austrheim 29. november 2019

Idar Hopland  
møteleiar

Ketil Tjore  
møtesekretær

## Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
001/19	Eldrerådet	PS	05.12.2019

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Ketil Tjore	FE-033	19/842

### Godkjenning av innkalling og saksliste

#### Framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

#### Saksopplysninger:

## Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
002/19	Eldrerådet	PS	05.12.2019

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Ketil Tjore	FE-033	19/842

### Godkjenning av møteprotokoll

#### Vedlegg:

Protokoll - Eldrerådet - 17.08.2018

#### Framlegg til vedtak:

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

#### Saksopplysninger:



## Møteprotokoll Eldrerådet

**Møtedato:** 17.08.2018  
**Møtestad:** Møterom - Børilden  
**Møtetid:** 13.30 – 15.20

Frammøtte medlemmer	Rolle
Berit Hopland	Medlem
Idar Hopland	Medlem
Morten Sognes	Medlem

Forfall meldt frå medlem:	Rolle
Merethe Rikstad Tresvik	Medlem
Solbjørg Sætre	Medlem

Frammøtte varamedlemmer:	Rolle
Oddlaug Austrheim	Varamedlem

---

### Følgjande frå administrasjonen møtte:

Olav Mongstad, Helge Dyrkolbotn , Rigmor Ludvigsen og Leif Arne Økland frå  
Kyrkjelydskontoret

---

Dato, 13.09.2018

Idar Hopland  
møteleiar

Olav Mongstad  
møtesekretær

## Sakliste

<b>Saknr</b>	<b>Tittel</b>
001/18	Godkjenning av innkalling og sakliste
002/18	Godkjenning av møteprotokoll
003/18	Meldingar
004/18	Orienteringssak
005/18	Eldredagen 2018

## **001/18: Godkjenning av innkalling og saksliste**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Innkalling og sakliste vert godkjent

## **17.08.2018 ELDRERÅDET**

Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke

### **ER - 001/18 VEDTAK:**

Innkalling og sakliste vert godkjent

---

## **002/18: Godkjenning av møteprotokoll**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

## **17.08.2018 ELDRERÅDET**

Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke

### **ER - 002/18 VEDTAK:**

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

---

## **003/18: Meldingar**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Meldingane vert tekne til orientering

## **17.08.2018 ELDRERÅDET**

Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke

**ER - 003/18 VEDTAK:**

Meldingane vert tekne til orientering

---

**004/18: Orienteringssak**

**Rådmannen sitt framlegg:**

**17.08.2018 ELDRERÅDET**

1. Ordfører Per Lerøy orienterte om status for omsorgsbudstadane på Kaland
2. Kyrkja vil vurdere å opna toaletta ved kyrkja. Prøveordning som vert evaluert.
3. Økonomisjef Olav Birger Andersen orienterte om budsjettsituasjonen og Robek-lista for Austrheim kommune
4. Assisterande rådmann Olav Mongstad orienterte om interkommunalt arbeid innan velferdsteknologi.

**ER - 004/18 VEDTAK:**

Orienteringane vert teke til vitande.

---

**005/18: Eldredagen 2018**

**Rådmannen sitt framlegg:**

Saka vert lagt fram til drøfting

**17.08.2018 ELDRERÅDET**

Rigmor Ludvigsen orienterte om eldredagen:  
- mindre deltaking dei siste åra.  
- set opp kommunebussen frå Fønnes senter i år.

**ER - 005/18 VEDTAK:**

Eldredagen 1. oktober vert arrangert etter tidlegare mønster. Eldrerådet vil evaluere avviklinga av dagen i ettertid.

Kuverpris kr. 300,- pr. person

---

## Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
003/19	Eldrerådet	PS	05.12.2019

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Ketil Tjore	FE-033	19/842

### Orienteringssak

### Framlegg til vedtak:

### Saksopplysninger:



## Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
115/19	Formannskapet	PS	21.11.2019
	Kommunestyret	PS	
004/19	Eldrerådet	PS	05.12.2019
	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	PS	

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Olav Mongstad	FE-150	19/495

### Budsjett 2020 og økonomiplan 2020-2023

#### Vedlegg:

Kutt i budsjett 2020 - uttale frå Fagforbundet v/HTV

Kutt i budsjett 2020 og nedbemanning i barnehagane i Austrheim Kommune

Innspel frå NSF ved Unn Iren Martinsen Tangedal

Frå Utdanningsforbundet - budsjettinnspel barnehage

Frå Utdanningsforbundet - budsjettinnspel skule

Konkrete framlegg til inn sparingar/inntektsauke Austrheim sokn

Taloversyn - Budsjett 2019 - økonomiplan 2019-2023

Innspel om Budsjettkutt - uttale frå FAU/SU Kaland barnehage

Innspel om flytting av 8. klasse ved Kaland ungdomsskule frå FAU Kaland

Rådmannen sitt budsjettsskriv 08.11.2019

Busstransport for dei som jobbar på Aufera - Budsjettsak

Epost\_oversendelse\_notat

Merknad1\_RMNF\_Sak\_og\_budsjettinnspel\_busstransport\_auferar\_mnf

Sak\_og\_budsjettinnspel\_busstransport\_auferar\_mnf

Vedlegg - Dokument-ID 196313 Budsjett 2020

#### Framlegg til vedtak:

## Formannskapet - 115/19

### **FS - behandling:**

Ordfører Per Lerøy (Ap) sa om budsjettering for havbruksfondet at det er likt andre kommunar å budsjettera på denne måten, det er lagt inn 5 millionar anna kvart år og 440.000 det andre året.

Lerøy etterlyste midlar i post 18007 - skjønsmidlar frå Fylkesmannen. Økonomisjef Olav B. Andersen og rådmann Liv Løvvik svarta at det er sagt frå Fylkesmannen at det ikkje er sikkert at det kjem midlar her, og rådmannen ønskjer ikkje å budsjettera med midlar som ein ikkje er sikker på.

Lerøy la til at dette var eit skjønn som kommunen fekk på grunn av at småkommunetilskotet vart halvert, og der fekk ein to millionar kroner ekstra for å kompensera litt av dette.

Ordfører Lerøy viste til at utbyttet frå BKK nok vil enda rundt 2 millionar kroner.

Ordfører Lerøy etterlyste at heile inntektsveksten frå VA er teke med i budsjettet, og meiner at kommunen sine egne utgifter til renter og avdrag ikkje skal auka i samband med dette. Må ta kostnadene ved VA-investeringar over på brukarane av desse tenestene, så snart arbeidet er gjort.

Økonomisjef Andersen lova å sjekka dette med VA-utgifter innan kommunestyret 12/12.

Økonomisjef Andersen sa at kommunen har fastrente, med renter på under 2 prosent. Om ein no skal binda igjen er det på høgare renter. Austrheim har treft godt med rentebinding tidlegare, på 1,7 og 1,9 prosent. Ein halv prosent auke i rente gjev ein million kroner i årlege renteutgifter.

Rådmann Løvvik sa at ein må vurdere dette med fastrente nøye, det er ulike prognoser for kva som er lurt å gjera.

Økonomisjef Andersen viste til at for økonomiplanperioden så skal ein ned sytten millionar dei kommande fire åra, og det er sett opp ein del kutt dei tre siste åra i perioden. Rådmannen har lagt opp til 4,9 millionar i årleg overskot for å nå minstekravet på 1,75 prosent i resultat.

Løvvik viste til at dette er minstekravet for overskot, og særleg viktig for Austrheim som ikkje har særlege fondsmidlar å tæra på.

Ordfører Lerøy støtta rådmannen i at det er viktig for kommunen å ha fond i bakhand, når ein til dømes frå Havbruksfondet har inntekter annakvart år. Lerøy la til at det kan verta endringar på statlege rammer, for det er så mange fylke og kommunar som slit.

Varaordfører Inger Lise Brekke sa at ho ikkje trur det vert romslegare for kommunane framover, når ein ser situasjonen heile landet under eitt. Må avgrensa kva kommunen skal beskjeftiga seg med, og planlegga med at det vert stramt. Uansett kva regjering det er som styrer, så er det for store utgifter på statleg nivå, anten det er uføre eller sjukepengar. Dagens nivå er ikkje berekraftig.

Løvvik sa om lærlingar at kostnaden varierer, etter kvart som læringane er komne lengre løpet så kostar meir. Om barnevernet sa Løvvik at ein ønskjer å redusere kostnadene vert å få til betre tiltak. Må klara å unngå einplasseringar, som er veldig kostbare og heller ikkje heldig for barnet som har dette tilbodet. Barnevernet skal i samarbeid med Alver, men viktig at eit samarbeid som dette er sjølvfinansierande og ikkje bidreg til å finansiera tenesta hjå vertskommunen.

Ordfører Lerøy etterlyste ei grundig orientering om kva som har skjedd i barnevernet i Austrheim, kva

har skjedd dei siste åra, og kva ser ein for seg vidare. Lerøy viste til at han hadde snakka med ordførarane i Masfjorden og Gulen, som har fått gode tilbakemeldingar på tenestene i eit tilsyn frå Fylkesmannen, men kritikk for at politikarane ikkje visste nok om korleis tenestene fungerer.

Assisterande rådmann Olav Mongstad sa at dersom ein kjem i posisjon til å starta samarbeid med Alver så må det opp som sak i kommunestyret i desember, og då kan det vera naturleg å ta ei orientering om arbeidet i barnevernet.

Rådmann Løvvik sa at Austrheim ønskjer å reforhandla gjesteelev-avtalen med Lindås kommune. Denne er frå 90-talet, og gjev 25.000 kroner til Austrheim per elev, medan sum etter ein ordinær avtale er 100.000 kroner. Dersom ein kjem opp i sjølvfinansiering er det oppunder 1 million i ekstra inntekt berre frå andre halvår 2020.

Om klasseflytting sa ordførar Lerøy at det å flytta åttande trinn frå Kaland til Årås verkar som ein start på flytting av ungdomstrinnet til Årås, utan at det er gjort vedtak om dette. Ei slik flytting kan få mykje motstand.

Assisterande rådmann Olav Mongstad sa at han ser at det kan bli problematisk. Administrasjonen legg dette fram, men så kan politikarane kan be om at dette vert utgreidd nærare.

Helge Dyrkolbotn (KrF) sa at han nok ville gå for rådmannens framlegg, men er samstundes samd med ordførar Lerøy i at det må startast eit større arbeid, og der bør ein seia at hausten 2021 skal ein ha ein felles ungdomsskule i Austrheim.

Morten Sognnes (H) sa at han ser at utdanningsforbundet vil ha fådelt skule for desse, på Kaland. Sognnes sa at med ein ny avtale med Alver kan ein få auka inntekter for desse gjeste-elevane på Kaland, det får ein ikkje ved ei flytting til Årås, for då vert ikkje desse elevane med. Sognnes sa vidare at med ei flytting til Årås så kan ein risikera at også Kaland-elevar vil søka seg til Lindås ungdomsskule.

Olav Mongstad sa at dersom ein ikkje flyttar elevane i 8. klasse frå Kaland til Årås, og slår saman 8. og 9. på Kaland til fådelt klasse, så vil det bety at ein brukar 40 prosent meir lærarressurs enn om ein flyttar desse elevane til Årås. Mongstad viste tal for elevutviklinga framover (ligg ved).

Inger Lise Brekke (H) sa at ho var skeptisk til fådelt skule, når undervisninga skal vera individuelt tilrettelagt for den enkelte eleven. Dette er veldig krevjande å få til.

Olav Mongstad sa at det er utvikla ein eigen pedagogikk får fådelt skule der ein vekslar mellom årsplanane på kvar ein hentar stoffet sitt. Det er problematisk i matematikk, der det er strengare krav til progresjon, men greitt i fag som norsk og samfunnsfag.

Inger Lise Brekke (H) sa at det er ein ting er å gjera noko akutt no, men det kan ikkje legga føringar på korleis ein kan løysa dette vidare.

Rådmann Løvvik viste til at det pågår ein prosess med å tilsetja ny leiar for oppvekst og kultur, og dette med å samla ungdomsskulane er det første som denne må ta fatt i. Men det å samla klassane på alle ungdomsskuletrinn til ein klasse er det ikkje mogleg å gjera, sidan det er for mange elevar til å ha ein klasse.

Ordførar Per Lerøy sa at det ikkje er tilstrekkeleg at det vert sagt i møtet at dette ikkje er første del av ei flytting til Årås. Rådmannen eller kanskje heile formannskapet må møte foreldre i Kaland-krinsen om dette, og få ut informasjonen.

Ønsket frå Ap/H er å samla ungdomsskulen på ein skule, men også samla mellomtrinnet. Ein vil starta arbeidet med å visa korleis dette kan gjerast, sjå på kostnader til investeringar med meir, og ha det klart slik at det kan settast i verk frå skuleåret 2020/2021.

Helge Dyrkolbotn (KrF) sa seg samd i at det må skje noko. Ikkje fleire nemnde, rådmannsgruppa må berre setta i gang!

Lerøy presiserte at dette måtte vera ei rein administrativ gruppe, utan politiske medlemmer.

Olav Mongstad sa at gjesteelev-avtalen med Lindås har seks månaders oppseiing, og skal ein seia den opp så må det skje etter politisk vedtak.

Helge Dyrkolbotn (KrF) sa at ein må ta med i budsjettvedtaket at ein skal seia opp avtalen for reforhandling.

Per Lerøy (Ap) sa at målet må vera at ein skal komma i mål med denne avtalen, det er viktig for miljøet på Kaland at elevane frå Åsheim-krinsen går der.

Rådmann Løvvik sa at Austrheim vil tapa 25.000 kroner x 31 elevar = 775.000 kroner om ein misser alle desse Kaland-elevane til Lindås (elevane frå Åsheim-krinsen).

Inger Lise Brekke (H) sa om skule at ein ser frå andre kommunar at det er god effekt med å tilsetta ein miljøarbeidar, som jobbar med andre ting enn det faglege, som skulemiljøet med meir. Det er ikkje lovpålagt, men likevel ei styrking av det arbeidet som skulen gjer.

Rådmann Løvvik svarta at det kan ein gjera, men det kan ikkje erstatta det faglege.

Ordførar Lerøy etterlyste informasjon ut om at Anita Soltveit er folkehelsekoordinator i Austrheim kommune. Møtesekretæren tok på seg å informera.

Kommunalsjef helse og omsorg Monika Kvamme sa om kutt i arbeids- og opplæringscenteret, at her er det eigentleg ikkje kutta men det er lønna som er flytta over til Vestlia. Tilsette i Vestlia følgjer med opp på arbeidssenteret.

Ordførar Lerøy sa om startlånordninga at kommunen må nytta dei ordningane som Husbanken, har til å hjelpa familiar til å kjøpa eigen heim. Til dømes ved å bruka 50 års nedbetalingstid og liknande.

Om Nordliheimen sa økonomisjef Olav B. Andersen at det er ein større auke i budsjettet, men det var budsjettet feil i 2019 og dette er ei korrigering av dette. Dette er ei justering opp til det ein reelt sett brukar.

Om interkommunalt landbrukskontor sa Olav Mongstad at ein tek sikte på å gå inn i Alver, med ei bemanning tilsvarande i dag.

Om vatn, avløp og renovasjon sa økonomisjef Olav B. Andersen at ein skal sjå nærare på dette med at inntektene skal dekkja auka utgifter til investeringar.

Om befolkningsvekst sa økonomisjef Olav B. Andersen at ein reknar 35.000 per person i inntektsvekst per nye innbyggjar.

Økonomisjef Olav B. Andersen sa om økonomiplanen at det ligg uspesifiserte nedtrekk for åra vidare,

i 2021, 2022 og 2023.

Helge Dyrkolbotn (KrF) la fram eit framlegg med innføring av eigedomsskatt (Vedlegget ligg ved) For 2020 er det sett opp korleis dei ekstra midlane skal fordelast. Dyrkolbotn sa at det er drastisk å kutta så mykje i ungdomstilbodet. Dette tilbodet er med på å gjera det attraktivt å flytta til Austrheim. Ein har bygd opp eit ungdomsklubbtillbod, og har lag og organisasjonar som driv godt. For KrF er det viktig å gje ein grunn til å bu her, det må vera attraktivt. I KrF sitt framlegg er eigedomsskatten lagt inn med auke ein promille årleg opp til høgaste promille. Dyrkolbotn sa vidare at dersom ein spør folk i Austrheim om dei vil vera med på spleiselag for dette, så seier dei ja. Andre kommunar har brukt eigedomsskatten til å komma seg ut av Robek, og klart å fjerna den etterpå. Det er upopulært, men KrF skal klara å stå i dette.

Økonomisjef Olav B. Andersen gjekk gjennom investeringsbudsjettet.

Morten Sognnes (H) etterlyste om det er noko innsparing frå investeringane, til dømes innan omsorgsteknologi.

Kommunalsjef helse og omsorg Monika Kvamme svara at det vil gå mange år før ein ser noko effekt av dette på stillingar. Noko av investeringane er frå fornying av ringeanlegget på Nordliheimen, det må ordnast uansett.

Inger Lise Brekke (H) spurte om investering til steinalderbuplass, kan ein skyva vidare på dette? Dette er spørsmål om prioritering, er skeptisk til at ein får effekt av dette på besøkstal med meir.

Assisterande rådmann Olav Mongstad svara at fylket har gitt 400.000 kroner og riksantikvaren 270.000 kroner, som ein har fått utsett bruken av til 2020. Det er sagt at dette skal vera eit fyrtårnprosjekt, og ein vil knyta det opp i biosfæreprosjektet i Nordhordland. Korleis kan ein gjera ting i Fosnstraumen for å tilretteleggja, for fridykking, fiske, kanskje med å laga ei gangbru og amfi? Om me ikkje startar arbeidet i 2020 så har me ikkje midlar til dette. Mongstad sa vidare at Austrheim skal i møte med fylket og andre i prosjektet i desember.

Ordførar Lerøy viste at det står nesten 700.000 kroner som ein ikkje får om det ikkje skjer noko med prosjektet. Kanskje kan ein få biosfæreprosjektet til å ta noko av denne kostnaden, for å bruka prosjektet til å fortelja historia om regionen frå steinalder til oljealder? Lerøy vil la denne posten stå inntil vidare.

Helge Dyrkolbotn sa at det er fornuftig å halda på dette vidare, for å sjå om regionen/biosfæreprosjektet kan ta noko av kostnaden, og prøva å få midlar ekstern i Europa.

Olav Mongstad sa at dette er ein kommunal eigendel, og så kan ein søka om ulike midlar i tilskot for å realisera dette.

Rådmann Løvvik sa at ein kan bruka prosjektet til å skapa ein reiselivsdestinasjon, med ei historie som er litt annleis. Biosfære handlar om berekraft, det er mange opptekne av i dag. Trur at biosfære kan vera ein sjanse til å fortelja ei anna historie enn det alle andre kan fortelja. Oppfordrar til å leita opp Aftenposten Innsikt sin omtale av dette.

Ordførar Lerøy sa at ein kan gje prosjektet tid fram til kommunestyret 12. desember.

#### **Avrøysting:**

To røyster for KrF sitt framlegg om eigedomsskatt (Helge Dyrkolbotn, KrF, og Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn, Sp). Framlegget fall. Teksten var slik:

Framlegg frå Austrheim KrF Sak 115/19 Budsjett 2020 og økonomiplan 2020-2023  
Austrheim kommune innfører eigedomsskatt frå og med år 2020 til og med 2023  
Dette vil gje fylgande auke i **frie disponible inntekter (ca tal)**:

<b>2020</b>	<b>2021</b>	<b>2022</b>	<b>2023</b>	<b>totalt</b>
2 mill	4 mill	6 mill	8 mill	20 mill

Dei ekstra inntektene vert fordelt slik for 2020:

	<b>2020</b>
Kulturmidlar/anna kultur	200.000
Skyss til Aufera	400.000
Kulturskulen	250.000
Austrheim sokn	300.000
Auka ressurser oppvekstsektoren	500.000
Ungdomsrådet	50.000
Disp.fond	350.000

Samrøystes for Ap/Høgre sitt framlegg om skulen, som går inn som verbalpunkt nummer 12 i budsjettvedtaket som er sendt vidare til kommunestyret. Teksten er slik:

*Kommunestyret ber om at rådmannen gjer følgjande utgreiingar i 2020:*

*Kostnadar og faglege effektar av å samla ungdomstrinnet på ein av skulane i kommunen. Her må både investeringskostnadar og driftskostnadar gjerast greie for og det må leggjast fram ein realistisk framdriftsplan.*

*Kostnadar og faglege effektar av å samla mellomtrinnet på ein av skulane i kommunen. Her må både investeringskostnadar og driftskostnadar gjerast greie for og det må leggjast fram ein realistisk framdriftsplan.*

*Kommunestyret ber om klare råd om korleis skulestrukturen i kommunen skal vera i framtida. Målet må vera at ein kan få på plass ein ny skulestruktur frå skuleåret 2021/2022.*

*Kommunestyret ber også rådmannen om å starta drøftingar med Alver kommune om godtgjersle for elevar frå Åsheim-krinsen som går på Kaland barne- og ungdomsskule.*

Samrøystes for rådmannen sitt framlegg (men ordførar Per Lerøy presiserte at ein kan komma tilbake til summar og verbalpunkt når budsjettsaka skal opp i kommunestyret).

Handsaming i formannskapet:

To av tre for KrF sitt framlegg om eigedomsskatt (støtte frå Helge Dyrkolbotn, KrF, og Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn, Sp)

Samrøystes for Ap/Høgre sitt tilleggsframlegg om skule.

Samrøystes for rådmannens framlegg.

## **FS - vedtak:**

1. Budsjett 2020 – Økonomiplan 2020-2023, vert tilrådd slik det ligg føre i vedlagde tabelloppsett, med fylgjande endringar på driftsrammene for dei einskilde åra:

Rammeområde	2020	2021	2022	2023
Ansvar				

2. Total ramme for 2020 til fordeling drift vert kr. 200 307 000,- . Rådmannen har mynde til å tildele til dei ulike ansvarsområda innanfor denne ramma.

3. Den totale investeringsramma for år 2020 vert sett til 19 400 000 kr:

Føremål	Kostnad
Låneautomat bibliotek	100 000
Fagfornyng skulane PC småskuletrinn	500 000
IKT skulane	150 000
IKT barnehagane	100 000
Kaland 1 skulekjøkken	100 000
Omsorgsteknologi	1 000 000
Steinalderbuplassen Fosnstraumen	200 000
Tiltak i landbruket	300 000
VA-investeringar	15 000 000
IKT kommunen	150 000
IKT felles i kommunen	400 000
Byggutbetring	500 000
Kyrkja – utbetring	700 000
Digitalisering/ombygging i Servicekontoret	200 000
	19 400 000

Den totale investeringsramma for 2020 vert finansiert slik:

Ordinært låneopptak 8,4 mill

Overføre førre år 8,5 mill

Sal av eged. 2,5 mill

Prosjekt som vart vedteke for 2019 og ikkje er avslutta, vert vidareført innanfor vedteken ramme slik det vart finansiert i 2019.

Vekta avdragstid på låneopptak for 2020 vert fastsett til 30 år.

4. Måla for drifta vert vedteke slik dei går fram av kommuneplanen vedteke den 11.04.2019 i K-sak 017/19.

5. Rådmannen utarbeider detaljbudsjett og resterande lovfesta hovudoversikter, med bakgrunn i gjevne driftsrammer.

6. Kommunestyret skriv ut eigedomsskatt på næringseigedom, kraftverk, vindkraftverk, kraftnett og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum jf. eigedomsskattelova (esktl.) § 3 første ledd

bokstav d. Eigedomsskattesatsen vert vidareført med 7 promille. Utskrivingsalternativet omfattar også flytande oppdrettsanlegg i sjø, jf. Esktl. § 4 tredje ledd.

7. Takstvedtekter for eigedomsskatt i Austrheim kommune vedtatt i kommunestyret i K-sak 083/17 i møte 14.12.2017, skal gjelde for eigedomsskatteåret 2020, jf. esktl. § 10.

8. Kommunen vil i 2020 skrive ut eigedomsskatt på eigedommar som tidlegare var rekna som «verk og bruk» på eit «særskilt fastsett grunnlag» med heimel i overgangsregelen til eigedomsskattelova §§ 3 og 4 første ledd. Det særskilde grunnlaget skal i 2020 være lik 5/7 av differansen mellom eigedomsskattegrunnlaget i 2018 og 2019 som er forårsaka av at produksjonsutstyr- og installasjonar ikkje skal reknast med i grunnlaget.

9. Kommunen vil i 2020 skrive ut eigedomsskatt på bygningar og grunnareal så langt desse var omfatta av eigedomsskattegrunnlaget for verk og bruk i 2018, jf. overgangsregelen til eigedomsskattelova §§ 3 og 4 andre ledd.

10. Eigedomsskatten vert skriven ut i 2 terminar jf. esktl. § 25 første ledd. Siste alminnelege taksering i kommunen vart gjennomført i 2018 og 2019.

11. Marginavsetnad vert fastsett til 10% for 2020. Kommunestyret ber om at rådmannen gjer følgjande utgreiingar i 2020:

Kostnadar og faglege effektar av å samla ungdomstrinnet på ein av skulane i kommunen. Her må både investeringskostnadar og driftskostnadar gjerast greie for og det må leggjast fram ein realistisk framdriftsplan.

Kostnadar og faglege effektar av å samla mellomtrinnet på ein av skulane i kommunen. Her må både investeringskostnadar og driftskostnadar gjerast greie for og det må leggjast fram ein realistisk framdriftsplan.

Kommunestyret ber om klare råd om korleis skulestrukturen i kommunen skal vera i framtida. Målet må vera at ein kan få på plass ein ny skulestruktur frå skuleåret 2021/2022.

Kommunestyret ber også rådmannen om å starta drøftingar med Alver kommune om godtgjersle for elevar frå Åsheim-krinsen som går på Kaland barne- og ungdomsskule.

## **Saksopplysninger:**



Kutt i budsjett 2020 og ned bemanning i Barnehagane i Austrheim Kommune

Fagforbundet Austrheim har mottatt henvendelser ifh rådmannens forslag til nedbemanning

I barnehagene i kommunen.

Plasstillitsvalgte på vegne av medlemmene frykter for framtida for barna.

På papiret kan bemanningsnormen sjå enkel og grei ut, men i praksis er det vanskelig å gjennomføre.

Barn trenger å bli sett, omsorg og ha trygghet rundt seg.

Skal vi jobbe med dette trenger vi tid til planlegging for å gjennomføre satsningsområdene.

- Barnehageloven sier at «Bemanningen må være tilstrekkelig til at personalet kan drive en tilfredsstillende pedagogisk virksomhet» I tillegg gjev Barnehagelova bestemmelser om krav om ressurs til barn med spesielle behov. Det er og krav om tilrettelegging for barn som treng ekstra støtte for å kunne nytte seg av et ordinært barnehagetilbud (både personell og fysiske hjelpemiddel), §19a og §19g

Medlemmene er innforstått med at sparing er nødvendig og synes de har vært positive til kutt , men vi ber nå at styrer får handlingsrom og tid til å se på nye kutt.

Medlemmene kjenner barnehagen, og veit kva som er best for barna og personalet .

Fagforbundet Austrheim har en utgreiende redegjørelse fra begge barnehagene, dersom Rådmann ønsker, kan dette ettersendes

Mvh

På vegne av Fagforbundets medlemmer i kystbarnehagen og Kaland barnehage

Janina Fenne

Htv Fagforbundet Austrheim

Til Liv Løvvik, Rådmann i Austrheim kommune

### Forventingar og risiko i høve til budsjett for 2020

Vi tillitsvalde og verneombuda har sett eit auka press på personalet og eit høgare nivå av stress og arbeidsbelastning på Nordliheimen i den seinare tida. Dei fleste omstillingar har sjølvst vorte diskutert med tillitsvalde, men det har blitt ein auke i tyngre, meir pleietrengande og tidkrevjande pasientar som kan krevje ein av personalet i fem timar i løpet av ei vakt. Desse nye pasientane har gjerne vore under heimeteneste 1 og 2, og har krevd mykje ressursar der. Før har nokre hatt ein til ein, no er dei ein del av pasientane på ein avdeling, med lik bemanning. Tilsette frå ein avdeling kjem inn og skal hjelpe i visse timar på føremiddag og visse tider på kveld. Ploms har måtte spare på lik linje med andre avdelingar, og ein har kuttat der ein har tenkt det kunne lønne seg. Dette går ikkje lenger. Vi fryktar at det kan gå ut over pasientane først og fremst, men også personalet som er under stort press. I tillegg til at ein har mange eldre med psykiatriske problemstillingar, og utfordrande demens, har ein yngre svært pleietrengande pasientar. Pasientar som er utfordrande i høve til verbal og utagerande åtferd, treng eit personale som har tid og ro til å handtere situasjonane. Det er også slitsomt over tid for personalet å stå i desse situasjonane.

Det at fleire krever ein til ein pleie, går ut over dei andre pasientane med høve til leiending, inntak av drikke, vi ser ei auke i antall liggesår, noko som igjen krever ytterligare sjukepleie og er kostbart i høve til materiell. Ein har ikkje tid til å stelle sår i helga. Ein merker det også i høve til hjelp til trening, dei stivnar meir i ledd. Fleire pasientar krever to pleiarar i stellsituasjon. Vi har besøkande som er så redusert at dei treng hjelp av personalet både med hjelp og som ikkje forholder seg til brannforskriftene. Personalet hjelper også til med oppvask, og ein har også klesvask i kjellaren på kveldstid. Til tider skal heimetenesten ta hand om dette. Avdelingsleiar mister kontortid av di ho må hjelpe til i avdelinga. Det er lite tid til rapport og dokumentasjon, iplos og liknande. Ein har prøvd å dele rapporten inn i tre grupper, men sjølv dette vert på mange dagar umulig.

Når det gjeld den generelle trivselen blant personalet, er dette på bristepunktet. Ein har alltid prøvd å halde motet oppe, fordi dette er ein arbeidstokk som er vant til å yte sitt beste og alltid strekker seg lenger. Men når det ikkje lenger er tid til fredagssalat eller faktisk ikkje lunsj i det heile, og personalet er så sliten at ein begynner å hakke på kvarandre, då er det noko som er på ville veier.

No er dette eit rop til administrasjonen og til politikarane om at ein treng å sjå på kva ein kan kutte ut andre stader, eller kor ein kan få inn midlar, til å styrke PLOMS.

**Vedlegg til disse sakene:**

- sak i formannskapet og kommunestyret om budsjett 2020 (arkivsak ?)
- sak i formannskapet og kommunestyret - arkivsak 19/495

**Dette dokumentet gjeld rådmannen sine forslag til budsjettkutt for barnehage**

For 5 år sidan gjorde kommunestyret i Austrheim vedtak om at det i pedagogane sin planleggingstid skulle setjast inn ekstra bemanning slik at bemanningsnorma vart oppretthaldt medan pedagogane gjorde planlegging dei 4 timane i veka som dei er pålagt(K-sak 068/14). Med vedtaket i 2014 viste Austrheim kommune veg i arbeidet med å styrka den pedagogiske kvaliteten i barnehagane. Stadig fleir kommunar har dei siste åra gjort tilsvarande vedtak.

Rådmannen føreslår i sitt budsjettsskriv å oppheva vedtaket frå 2014. Dette er eit forslag som kraftig vil svekka det pedagogiske innhaldet i barneshagane våre.

Bemanningsnorma i barnehagen:

3 tilsette pr. 9 barn, 0-3 år (småbarnsavdelingane)

3 tilsette pr. 18 barn, 3-6 år

På papiret kan bemanningsnorma sjå «enkel og grei» ut, men i praksis er det ikkje så lett; dei tilsette tek hand om små menneske som ikkje kan settast på vent!

Korleis kan ein dag i barnehagen sjå ut?

Eit eksempel frå ei småbarnavdeling med 9 barn og 3 vaksne:

Den første vaksne kjem 7.30, og er aleine fram til 8.15. Som oftast er alle borna på plass i bhg før kl.8.00, og det vert servert frukost. Når barna har spist ferdig, leiker dei aleine, for den vaksne sitt ved frukostbordet med dei som framleis er.

Kl. 0815 kjem vaksen nr.2. Ho leiker med barna medan den andre vaksne ryddar etter frukosten.

Kl. 9.00 kjem seinvakta, og det er endelig 3 vaksne på 9 barn.

Kl. 10.30 lagar ein av dei vaksne klar til lunsj. Då er dei to andre vaksne åleine med 9 barn som har vore ute. Barna skal inn klede skal av, bleier skal bytast og hender skal vaskast.

NB! For å forstå biletet er det viktig å vera klar over at 3-4 av borna ikkje har lært seg å gå endå! Så er det lunsj og deretter sovetid. I sovetida er det pauseavvikling for dei vaksne: 3\*1/2 time, der det er 2 vaksne på avdeling. Den eine er sovevakt, medan den andre er i lag med borna som vaknar. Når pausane er over er det tid for fruktmåltid, bleieskift og leik. Så går tidlegvakta heim kl.15.00, og mellomvakta går 15.45. På denne tida er det ofte 6 barn igjen på 1 vaksen.

Denne dagen var det ikkje samarbeid med PPT, barnevern eller helsesøster. Denne dagen var det ikkje foreldresamtalar. Denne dagen var det ikkje språktrening i små grupper for barn som treng det. Denne dagen skjedde det ingen uventa hendingar. Denne dagen var det ingen prosjektmøter. Dette var ikkje den dagen pedagogen på avdelinga skulle planlegga neste veke.

Likevel var det berre 4 timar i løpet av denne dagen at bemanninga var 3 vaksne pr. 9 born slik bemanningsnorma krev.

Det er viktig å vera klar over at eksempelet over ikkje er karikert: Det normale er oftast at det berre er 2,5-3 timar pr. dag at avdelingane oppfyller bemanningsnorma!

Den dagen i veka pedagogen er på planlegging så skjer det som er forklart over – men med ein vaksen færre på avdelinga enn det norma krev. Det er difor rådmannen sitt forslag til kutt er så dramatisk. Kuttet gjer at tilbodet dei tilsette er i stand til å gje barna vert særst svekka. I kvardagen skal dei tilsette oppfylle rammeplanen og barnehagelova sine krav. Dersom kuttforslaga til rådmannen vert vedteke av kommunestyret vil barnehagetilbodet i store delar av dagen bera preg av oppbevaring. Dette går på yrkesstoltheita laus – barnehagelærarane er no særst bekymra og frustrert.

Borna i Austrheim treng å bli sett og dei har krav på omsorg, tryggleik, stell og nærleik av gode kompetente vaksne! Kystkultur, sosial kompetanse, realfag og språk er område dei to barnehagane våre satsar på. I ein randkommune som Austrheim har det vist seg særst gunstig å tilby barnehagelærarane kvalitet i arbeidstilhøva for slik å behalda og rekruttera kvalifiserte barnehagelærarar og andre tilsette.

Barnehagane har bidrege med kutt og nedskjeringar i budsjetta sidan Austrheim kommune kom på Robek-lista. Politikarane må no stilla seg spørsmålet om det er det rett at det er dei yngste som skal merka innsparingane og kutta tydelegast? Barnehagelova seier at «bemanninga må vera tilstrekkeleg til at personalet kan driva ein tilfredsstillande pedagogisk verksamheit». Utdanningsforbundet Austrheim meiner at kutta som rådmannen no føreslår gjer at ein passerer ei grense i høve om det er realistisk å kunne nå lova sine krav.

Utdanningsforbundet oppmodar difor formannskap og kommunestyre om å oppretthalda vedtaket frå 2014 om at det skal tilførast ekstra ressursar til barnehagane slik at det vert sett inn ekstra bemanning på avdelingane når barnehagelærarane gjer sitt planleggingsarbeid. Auka grunnbemanning gir auka ro og trivsel i barnehagane. Ved å auke vaksentettleiken får barna tettare oppfølging og dei vert sett på ein annan måte.

Dersom kommunestyret trass i Utdanningsforbundet sine råd likevel vel å kutta i barnehagesektoren for neste år, føreslår Utdanningsforbundet Austrheim at ein heller gjer innsparingane ved å stenga barnehagane om sommaren. På denne måten kan kommunen spare pengar utan at ein svekker det pedagogiske tilbodet som borna får.

Geir Follesø  
HTV- Utdanningsforbundet Austrheim

Vedlegg til sak i formannskapet og kommunestyret om budsjett 2020 (arkivsak ?)

### **Dette dokumentet gjeld rådmannen sine forslag til budsjettkutt for grunnskulen**

Utdanningsforbundet støttar dei fleste av rådmannen sine forslag til budsjett for grunnskulane. Nedskjeringane kjem oppå dei kutta som skulane har gjort etter at kommunen kom på Robek-lista og dei vil sjølv sagt merkast hardt. I ein tøff økonomisk snuoperasjon som den Austrheim kommune no gjer, ser vi likevel at alle avdelingane må bidra. Difor stettar me:

- Kutt på ca. 2 lærarstillingar på Kaland skule (+ 1 assistentstilling hausten 2019).
- Kutt på ca. 0,5 lærarstilling og ei assistentstilling Årås skule.
- Kutt på 50% lærarstilling i vaksenopplæringa.

Hausten 2020 vert det berre 4-5 elevar som startar i 8. klasse på Kaland slik det no ser ut. Rådmannen føreslår å føra desse elevane over til Årås skule sin 8. klasse. Lærarane på Årås skule er positive til å ta imot elevar frå Kaland skule. Utdanningsforbundet synest likevel forslaget til rådmannen er ein dårleg ide og kan ikkje støtta denne overflyttinga fordi:

- Utdanningsforbundet har vore pådrivar for samanslåing av ungdomstrinna i Austrheim. Lærarane meiner at samanslåinga må planleggast godt og at heile samanslåinga må skje samstundes og fortrinnsvis til heilt nye og framtidsretta lokale. Me håper at det nye kommunestyret tek tak i denne saka slik at samanslåing vert realisert i denne kommunestyreperioden.
- Det er to ungdomsskulekulturar (både elevkultur og lærarkultur) som skal sveisast saman ved ein samanslåing. Det er viktig at begge desse kulturane vert høyrte og tatt omsyn til. På Kaland skule står stillinga som kontorpersonell vakant. Rådgjevarstillinga er heller ikkje besett og vert mellombels ivaretatt av rådgjevar på Årås. Å flytta neste års 8. klasse vil elevane og dei tilsette oppleve som amputasjon av ungdomsskulemiljøet på Kaland.
- Kaland har år om anna vore fådelt skule, og personalet har god kompetanse i å få dette til å fungere på ein god måte. Ved å slå saman små klasser neste skuleår (1.-2.kl. og 8.-9. kl.) sparer skulen det same tal stillingar som ved å flytta ein klasse. I dette reknestykket kjem i tillegg skyssutgifter.
- Personalet på begge skulane er stort sett motivert for samanslåing av ungdomsskulane – det er viktig at denne motivasjonen vert brukt positivt og at ikkje samanslåinga blir til ein vond og vanskelig strid slik det lett kan bli i lokaliserings/samanslåingsprosessar.
- Ungdomsskulemiljøet på dei to skulane våre har ingen elevar å miste. Det er viktig å oppretthalde eit fullverdig pedagogisk – og ikkje minst heilskapleg sosialt miljø på begge ungdomsskulane fram til samanslåinga vert realisert.

Geir Follesø

HTV Utdanningsforbundet Austrheim

---

**Frå:** Liv Løvvik  
**Send:** torsdag 14. november 2019 14:31  
**Til:** Olav Mongstad; Olav Birger Andersen; Monika Kvamme; Ketil Tjore  
**Emne:** VS: konkrete framlegg til innsparringar/inntektsauke Austrheim sokn

---

**Fra:** Austrheim kyrkje <[post.austrheim@kyrkja.no](mailto:post.austrheim@kyrkja.no)>  
**Sendt:** torsdag 14. november 2019 14:29  
**Til:** Liv Løvvik <[liv.lovvik@austrheim.kommune.no](mailto:liv.lovvik@austrheim.kommune.no)>  
**Emne:** konkrete framlegg til innsparringar/inntektsauke Austrheim sokn

Følgjande tiltak kan vurderast for å redusera utgifter/auka inntekter for Austrheim sokn. Opprinneleg budsjett er nøkternt vurdert. Ytterlegare nedskjæringar vil gå ut over naudsynt vedlikehald og er mogeleg men ikkje tilrådeleg.

- Flytta kyrkjekontoret til kommunehuset. Dette har vore drøfta tidlegare og både stab og tidlegare sokneråd har vore positiive til eit slik grep. Vi kan likevel ikkje flytta for ein kvar pris. Vi er avhengige av å få tilstrekkeleg med kontor (samla) igjen og ha nok plass til safar og eldre papirarkiv og helst eit møterom. Vi må også ha ei løysing for fjernarkivet vårt, som allereie krev ein del kvadratmeter. Det vi mistar med ei flytting er gode lokale for konfirmantundervisning og større tilstelningar. Dette kan utgjera ei årleg innsparring på ca 100.000 kroner – med ein heilårseffekt.
- Kutta sommarhjelp på gravplassane. Innsparing 35.000 kroner. Konsekvensane av dette vert forringa kvalitet av gravplassane på sommarstid. Det betyr at gravplassane ikkje vert slått så ofte som dei burde.
- Justera festeavgiftene på nytt. Grepet ein då kan gjera er å redusera friperioden frå 25 til 20 år og laga ei flat festeavgift frå første dag ein krev festeavgift. Mogeleg inntektsauke kan utgjera ca 70 – 80.000 kroner.
- Bruka av gjevartenestekontoen til trusopplæringstiltak. Denne bruken bør vera bærekraftig og ikkje øydeleggja for framtidig meirbruk til dette formålet. Mogeleg inntektsauke: 100.000 kroner.



BUDSJETT 2018, ØKONOMIPLAN 2018 -2022

DENNE FARGE		0	-6 060	-4 900	-4 900	-4 900	-4 900	Pr-21.11.19
	Formannskapet 21.11.2019							Kommentarar
18740	Eigedomsskatt verk/bruk anna	800	14 100	13 800	13 300	12 800	12 300	Ned.7 år 900
	Eiendomsk. Hus/hytter		0	0	0	0	0	
	Kompensasjon eiendomsk.		250	0	0	0	0	
	<b>Sum Eindomsk. Integrerings</b>	<b>800</b>	<b>21 681</b>	<b>24 493</b>	<b>17 220</b>	<b>18 520</b>	<b>13 420</b>	
	<b>Sum frie disponible inntekte</b>	<b>6 000</b>	<b>207 728</b>	<b>211 857</b>	<b>205 005</b>	<b>206 855</b>	<b>202 660</b>	
19000	Renteinntekter		600	600	600	600	600	
19005	Utbyte	-1 400	4 100	7 800	2 000	2 000	2 000	Økt med 1. million
15000	Renteutgifter m.m.		-4 600	-5 000	-5 500	-5 700	-5 800	
12 700	Konsulenttjenester		-200	0	0	0	0	
14 700	Ovf. Tilskudd til private		0	-350				
15100	Avdrag på lån	-1 600	-10 000	-10 800	-11 500	-11 800	-12 000	
	Tusenavrunding		0					
	<b>Netto finansutgifter/inntekter</b>	<b>-3 000</b>	<b>-10 100</b>	<b>-7 750</b>	<b>-14 400</b>	<b>-14 900</b>	<b>-15 200</b>	
	<b>Til fordeling drift - før avsetn</b>	<b>3 000</b>	<b>197 628</b>	<b>204 107</b>	<b>190 605</b>	<b>191 955</b>	<b>187 460</b>	
15400	Premieavvik		-3 000	-3 000	-3 000	-3 000	-3 000	
	<b>Netto avsetnader</b>	<b>0</b>	<b>-3 000</b>	<b>-3 000</b>	<b>-3 000</b>	<b>-3 000</b>	<b>-3 000</b>	
15700	Netto avdrag på utlån							
15701	Til Eigenkapitalinnskot KLP		-800	-800	-800	-800	-800	
	<b>Sum overført til investering</b>	<b>0</b>	<b>-800</b>	<b>-800</b>	<b>-800</b>	<b>-800</b>	<b>-800</b>	
	<b>TIL FORDELING DRIFT</b>	<b>3 000</b>	<b>193 828</b>	<b>200 307</b>	<b>186 805</b>	<b>188 155</b>	<b>183 660</b>	



BUDSJETT 2018, ØKONOMIPLAN 2018 -2022

DENNE FARGE			0	-6 060	-4 900	-4 900	-4 900	-4 900	Pr-21.11.19
	Formannskapet 21.11.2019	- 2-11 -UST-2-2019	0	17 088	17 608	17 758	17 608	17 758	17 758
					-150	150	-150	150	150
						0			
						670			
<b>Skjema 1B - drift</b>									
1 000	Rådmann		0	17 088	17 608	17 758	17 608	17 758	17 758
	Valutgifter				-150	150	-150	150	150
	Redusert ramme 2019					0			
	Økning ramme 2020				670				
	Rest								
1 100	Politisk styring og kontrollorg		0	3 379	3 560	3 560	3 560	3 560	3 560
	Økning ramme 2020				181				
1 900	Interne serviceeiningar til for		0	3 939	4 688	4 488	4 088	4 088	4 088
	Nedtrapping lærlinger				-100	-200	-400		
	Økning ramme 2020				849				
	Redusert stilling								
	Redusert ramme 2019								
	Ytterligere reduksjon								
	Økning lærlinger								
2 000	Adminstrasjon undervisning		0	1 987	2 496	1 896	1 596	1 596	1 596
	Økning ramme 2020				809				
	Red. ramme-statstilskudd no.								
	Redusert stilling				-300	-600	-300		

BUDSJETT 2018, ØKONOMIPLAN 2018 -2022

DENNE FARGE		0	-6 060	-4 900	-4 900	-4 900	-4 900	Pr-21.11.19
	Formannskapet 21.11.2019							Kommentarar
2 010	PPT	0	1 877	1 930	1 930	1 930	1 930	ØP-23
	Økning ramme 2020			53				
2 020	Barnevern	3 000	11 000	11 743	9 743	9 743	8 743	
	Økning barnevern	5 900						
	Økning ressurskrevende	-2 900						
	Økning ramme 2020			743				
	Reduserte tiltak							-1 000
2 100	Årås skule	0	22 960	22 476	21 435	21 435	21 435	
	Auka ramme			0				
	Ytterligere reduksjon				-200			
	Reduksjon ramme 2020			-484	-841	0		
2 110	Kaland skule	0	13 268	14 526	12 405	12 605	12 805	
	Økning ramme 2020			1 258	-1 380	200	200	
	Redusert ramme				-741			
2 200	Austrheim Kystbarnehage	0	13 341	12 378	12 228	12 228	12 228	
	Redusert ramme 2020			-963				
	Endring 2019							Red. stillinger
2 210	Kaland barnehage	0	8 875	7 919	7 719	7 719	7 719	



BUDSJETT 2018, ØKONOMIPLAN 2018 -2022

DENNE FARGE		0	-6 060	-4 900	-4 900	-4 900	-4 900	Pr-21.11.19
	Formannskapet 21.11.2019							Kommentarar
	Ny endring							
3 340	Arbeids og opplæringssekte	0	1 184	718	718	718	718	ØP-23
	Redusert ramme							
	Redusert ramme 2020			-466				
3 000	Administrasjon helse- og sos	0	1 151	1 631	1 631	1 631	1 631	ØP-22
	Endring 2019							
	Økt ramme 2020			480				
	Avsetning fond startlån							
	tilskot m.m							
3 100	Helsetenester	0	11 918	11 983	11 483	11 483	11 483	ØP-21
	Redusert ramme							
	Økt ramme 2020			65				
	Ny endring							
3 200	Sosiale tenester	0	9 005	8 364	8 364	8 364	8 364	ØP-20
	Økt ramme 2020			9				
	Redusert ramme			-650				
3 300	Nordliheimen	0	22 764	27 881	27 881	27 881	27 881	RB-2-2019
	Økt ramme 2020							
	Auka ramme			5 117				

BUDSJETT 2018, ØKONOMIPLAN 2018 -2022

DENNE FARGE		0	-6 060	-4 900	-4 900	-4 900	-4 900	Pr-21.11.19
	Formannskapet 21.11.2019							Kommentarer
3 310	Kjøkken/vaskeri	0	3 674	4 003	4 003	4 003	4 003	ØP-23
	Økt ramme 2020			329				
	Redusert ramme							
3 320	Heimetenester I	0	10 826	11 875	11 875	11 875	11 875	ØP-22
	Økt ramme 2020			1 049				
	Auka ramme							
3 330	Heimetenester II	0	8 340	9 944	9 344	9 344	9 344	ØP-21
	Redusert ramme							
	Økt ramme 2020			1 604				
	Redusert stilling							
5 000	Plan, byggesak, miljø	0	3 034	2 944	2 944	2 944	2 944	ØP-20
	Redusert ramme							
	Redusert ramme 2020			-90				
	Ny endring gebyrøkning							
5 100	Interkommunal landbruk/veter	0	500	500	500	500	500	
	Redusert ramme							
6 000	Tekniske tenester	0	1 774	1 697	1 097	1 097	1 097	
	Redusert ramme			750				
	Redusert ramme 2020			-827		-600		
6 100	Vatn, avløp, renovasjon	0	-4 614	-4 748	-4 748	-4 748	-4 748	

BUDSJETT 2018, ØKONOMIPLAN 2018 -2022

	0	-6 060	-4 900	-4 900	-4 900	-4 900	Pr-21.11.19
DENNE FARGE							
Formannskapet 21.11.2019							0
6 200	0	1 620	1 958	1 158	1 158	1 158	1 158
Redusert ramme							
Økt ramme 2020			-134				
Ny endring							
Kommunale vegar, kaiar, friul							
Auka ramm							
Ny endring							
Økt ramme 2020			338				
Redusert veitgifter				-800			
6 300	0	3 392	3 570	3 570	3 570	3 570	3 570
Beredskap brann-andre ylkke							
Økt ramme 2020			178				
Auka ramme							
6 400	0	6 430	5 267	4 837	4 637	4 637	4 637
Eigedomsavdeling							
Redusert ramme							
Ny endring							
Nedgang driftsutgifter				-430			
Redusert ramme 2020			-1 163				
6 500	0	5 376	5 599	5 399	5 399	5 399	5 399
Reinhaltsavdeling							
Økt ramme 2020			223				
Redusert ramme				-200			
8 000	0	0	0	0	0	0	0
Tilleggsøyvingar - Næringsu							

BUDSJETT 2018, ØKONOMIPLAN 2018 -2022

DENNE FARGE		0	-6 060	-4 900	-4 900	-4 900	-4 900	Pr-21.11.19
	Formannskapet 21.11.2019							Kommentarer
8 000	Tilleggsøyvingar - Form.ska	0	150	100	50	50	50	ØP-23
	Redusert ramme 2020			-50	0			
8 100	Tilleggsøyvingar - Komm.st	0	80	150	100	100	100	
	Auka ramme							
	Økt ramme 2020			70				
	Reduksjon ramme					-50		
8 200	Tilleggsøyvingar - Rådmann	0	400	400	300	300	300	
	Redusert ramme					-100		Oppst. Psykr.pr
8 300	Tilleggsøyvingar-ordførar	0	50	50	50	50	50	
8 990	Andre overordna utg./innt.	0	-2 619	-2 600	-2 600	-2 600	-2 600	
	Redusert ramme			19				
	<b>Mulige justeringer</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>-3 362</b>	<b>-1 162</b>	<b>-5 007</b>	
	Reduksjon av leiekontrakter				-200	-200	-200	
	Befolkningsvekst				-300	-300	-300	

BUDSJETT 2018, ØKONOMIPLAN 2018 -2022

DENNE FARGE		0	-6 060	-4 900	-4 900	-4 900	-4 900	Pr-21.11.19
Formannskapet 21.11.2019	- 2-11-UST-2-201		RB-2-2019	ØP-20	ØP-21	ØP-22	ØP-23	Kommentarer
Eiendomskatt								
Uspesifiserte nedtrekk					-2 862	-662	-4 707	
<b>Fordelt til drift</b>	<b>3 000</b>	<b>187 618</b>	<b>195 409</b>	<b>181 905</b>	<b>183 255</b>	<b>178 760</b>		
Fordelt til drift	-3 000	-193 828	-200 307	-186 805	-188 155	-183 660		
Balanse	0	-6 210	-4 898	-4 900	-4 900	-4 900	-4 900	
Justert balanse	0	-6 060	-4 900	-4 900	-4 900	-4 900	-4 900	
Ansvar 2000 - fond	0	-150	2	0	0	0	0	
<b>Skjema 2 B - KAPITAL</b>								
Rest f	2-11-UST-2-201	RB-2-2019	Øp-20	Øp-21	ØP-22	ØP-23		
IKT - Austheim kommune			150 000	150 000	150 000	150 000	150 000	
Kalnd skulekjøkken			100 000					
Prosjekt felles IKT i regionen			400 000	400 000	400 000	400 000	400 000	
IKT - skular			150 000	150 000	150 000	150 000	150 000	
Kartlegging			0	100 000	100 000	100 000	100 000	
IKT/favle-skulane								
IKT-Barnehager			100 000	100 000				



BUDSJETT 2018, ØKONOMIPLAN 2018 -2022

DENNE FARGE		0	-6 060	-4 900	-4 900	-4 900	-4 900	Pr-21.11.19	
	Formannskapet 21.11.2019				ØP-20	ØP-21	ØP-22	ØP-23	Kommentarer
	Ny ambulansestasjon F								
	Brannstasjon								
	Lager Nordliheimen/hjelpemidl								
	Nordliheimen trygleiksalarm								
	Omsorgsteknologi			1 000 000	500 000				
	VVA			15 000 000	15 000 000	3 000 000	3 000 000	3 000 000	
	Oppgradering Kaland skole			0	1 000 000	3 000 000	3 000 000	3 000 000	
	Samla ungdomskule			0	3 000 000	2 000 000			
	Tiltak i landbruket			300 000		300 000			
	Oppgradering Kaland Barnehage			0	0	5 000 000	5 000 000		
	Oppgr. Kaland Barnehage F								
	KS 31/15 - Oppgr. Årås sk.			0	100 000	100 000	100 000	100 000	
	K-sak 37/17-Kal.idr.pl								
	Nye omsorgsbustader/Ks-92/14			0	0	3 000 000	3 000 000	3 000 000	
	Opprustning kommunehus/sen								
	Byggbetring			500 000	500 000	500 000	500 000	500 000	
	Asfaltering			0	500 000	500 000	500 000	500 000	
	Trafikksikring etter plan			0	500 000	500 000	500 000	500 000	
	Trafikksikring - veglys								
	Planmidler			0					
	Scanning eidedomsarkiv/IKTNH								
	Eigenkapitalinnskott KLP								
	Investeringsinnskott Austrheim sok			700 000	300 000	300 000	300 000	300 000	

BUDSJETT 2018, ØKONOMIPLAN 2018 -2022

DENNE FARGE		0	-6 060	-4 900	-4 900	-4 900	-4 900	-4 900	Pr-21.11.19
Formannskapet 21.11.2019	- 2 - 11 - JUST-2-2019	RB-2-2019	ØP-20	ØP-21	ØP-22	ØP-23			Kommentarer
Fagfornyng 1-4 trinn			500 000	500 000	500 000				
Utlånsautomat bibliotek			100 000						
Trippelladestasjoner									
Oppgr.Kaland skule/Barnehave u									
Venterom/toalett Vardetangen									
Ny båt kystbarnehagen									
Ny Gapahuk Kystbarnehagen									
Steinalderplass			200 000	300 000	400 000	50 000			
Byggutbetring kunsthuset									
Servicekontoret digitalisering			200 000						
Opprustning bad Nordliheimen									
Skifte vindu Kaland 1									
Kjøp av 2 e-biler/ 1 firhjulstrekker									
<b>Sum finansieringsbehov</b>			<b>19 400 000</b>	<b>23 100 000</b>	<b>19 900 000</b>	<b>16 750 000</b>			
Utlån			0	0	0				
<b>Som vert finansiert slik:</b>									
<b>Låneopptak:</b>									
Ordinært låneopptak i året			-8 400 000	-20 600 000	-17 400 000	-14 250 000			
Ovf. av lån fra 2019			-8 500 000						
Salg av eiendommer			-2 500 000	-2 500 000	-2 500 000	-2 500 000			
Overført frå drift - Investeringsstils			0	0	0	0			

BUDSJETT 2018, ØKONOMIPLAN 2018 -2022

DENNE FARGE	0	-6 060	-4 900	-4 900	-4 900	-4 900	-4 900	Pr-21.11.19	Kommentarar
Formannskapet 21.11.2019									
- 2.-11 - JUST-2-2019									
- RB-2-2019									
- ØP-20									
- ØP-21									
- ØP-22									
- ØP-23									
Overført frå drift - netto avdrag på			0			0			
Sum finansiering	0	0	-19 400 000	-23 100 000	-19 900 000	-16 750 000			
Låneopptak til vidare utlån			0			0			
Balance	0	0	0	0	0	0			

Formannskapet i Austrheim kommune  
Kommunestyret Austrheim kommune

Kaland 18.11.19

FAU/ SU v. Kaland barnehage  
v. leiar Anne Kate Budalbakk  
v. nestleiar Kamilla Solberg

### **Innspel til Budsjettkutt i Kaland barnehage.**

Vi har fått informasjon om at Kaland barnehage skal kutte i stillingar dette året og. Som føresette ser vi at kuttet er naudsynt, men vi stiller oss spørsmål med kvaliteten på tilbodet ettersom desse kuttet trer i kraft.

Vi ser med særleg bekymring på at pedagogane ikkje blir erstatta i planleggingstida si. Det betyr at borna har mindre vaksne rundt seg. Noko av tryggleiken til foreldre og borna er at det er nok personale gjennom heile dagen. Borna treng nokon å prate med, hjelpe dei med praktiske ting, trøste når det treng, vere med i leik, rettleie, drive eit førebyggjande arbeid mot mobbing, drive språkarbeid, og prosjekt. Vi er redde for at Kaland barnehage går frå å vere ein barnehage med god kvalitet og godt med vaksne, til å vere ein oppbevaringsplass for borna våre.

Vi kan ikkje sjå at bemanningsnorma vert holdt i hevd når alle avdelingar går utanom denne ein dag i veka (for dei avdelingane med to pedagogar, gjeld dette to dagar i veka). I tillegg er jo personale aleine frå 7.15 – 08.00 på kvar avdeling og frå 15.30 – 16.30 på kvar avdeling – kvar einaste dag. I tillegg har personalet rett på pausar. Slik vi foreldre ser det så blir ikkje bemanningsnorma opprettholdt.

Vi veit og at Kaland barnehage ikkje klarar å oppfylle pedagognorma. Når pedagogane i tillegg skal vere vekke frå avdeling til planlegging, interne møter og prosjektmøter – då stiller vi oss spm om dette er fagleg forsvarleg? Skal ikkje Austrheim kommune søkje etter fleire pedagogar i Kaland barnehage?

Vi foreldre i Kaland barnehage ynskjer på det sterkaste at Austrheim kommune opprettheld vedtaket om å ta inn personale i planleggingstida til pedagogane (K-sak 068/14). Vi ynskjer at kvaliteten på tilbodet skal halde fram som no – og gjerne styrkast. I ei tid med sparing i alle ledd så skjønner vi at barnehagen ikkje kan ha så mykje personale – men å kutte alt på ein gong, år etter år – då klarer vi ikkje å sjå at dette er til det beste for borna.

Mvh  
Anne Kate Budalbakk  
Leiar FAU/SU

Kamilla Solberg  
nestleiar FAU/SU

Foreldre 7.kl ved Kaland skule  
FAU Kaland skule

### **Innspel til budsjettkutt – flytte 8.kl (haust 2020) frå Kaland skule til Årås skule**

Vi viser til skrivet om forslag til budsjettkutt for budsjett 2020, der det står:

**« Hausten 2020 skal 4 elevar frå Kaland skulekrins starte i 8.kl. I tillegg er det 3 elevar frå Åsheim krins. Med så få elevar, må skulen slå saman klassane i nokre av timane. Rådmannen føreslår å føre elevane over til Årås skule. 8. klassen på Årås vil ha 14 elevar. Ein samla 8. klasse vil altså ha 21 eller opp til 25 elevar ettersamanslåinga. Denne overflyttinga treng ikkje vere det endelege samanslåinga av ungdomsskulane. Det er eit pedagogisk grep for å sleppe å tilby elevane på Kaland fådelt ungdomstrinn. Kommunestyret kan bruke nødvendig tid til å få belyst og drøfta ei eventuell samanslåing.»**

Først vil vi seie at vi som foreldre er positive til felles ungdomsskule i Austrheim kommune. Vi ynskjer at alle elevar skal starte med like vilkår når dei skal byrje på ungdomsskulen, både på Kaland og Årås. Eit nytt bygg der elevar og lærarar kan forme ein ungdomsskule saman, er eit godt pedagogisk grep.

Det å legge opp til at ein klasse frå Kaland skal flytte, fordi dei er få elevar, er ikkje eit godt argument for å betre kommuneøkonomien eller for klassemiljøet. Elevar og foreldre kjem til å kjenne på utanforskapet, der ein kjem til ein etablert klasse på Årås.

Ungdomsskulen på Kaland treng alle elevar som tilhøyrer nærområdet for å skape ein god ungdomskultur. Me stiller oss positive til eit fådelt ungdomsskuletrinn. Elevane i desse klassane kjenner kvarandre, og kan med dette grunnlaget utøve god læring saman.

#### Informasjon

Informasjonen i denne saka har vore mangelfull. Det har ikkje vert gitt direkte informasjon til FAU Ved Kaland skule.

Vi ser her eit stort behov for meir informasjon, der ein forklarar oss kvifor administrasjon har kome med dette inspillet. Vi meiner at elevar og foreldre ikkje har fått den naudsynte bakgrunnsinformasjonen, og at vi er dermed fråtatt retten til å setje oss ordentleg inn i saka.

#### Foreldra sine synspunkt/ynskjer til saka om å flytte elevane i kommande 8. klasse til Årås skule:

- Vi ynskjer at politikarane ber administrasjonen om å gjere ei grundig konsekvensutgreiing i høve til pedagogikk, økonomi og skuleskyss (veg) i denne saka. Vi ynskjer eit politisk vedtak – der alle konsekvensar er med (fordelar/ulempar). Vi ynskjer at Austrheim kommune gjer eit grundig arbeid, der ein brukar tid på gode prosessar i alle ledd. Dette vil bli ei stor endring både for elevar, foreldre og lærarar. Vi må haste langsamt slik at dette ikkje blir ei endå meir betent sak.
- Skulen på Kaland har lagt opp eit godt skuleløp for våre elevar, skulen har vore framsynte og har allereie byrja med overgangen frå 7. klasse til 8. klasse. I denne overgangen er det lagt opp til at elevane skal bli godt kjent med ungdomsskulelærarane, og dei får undervisning av

framtidige lærarar i fleire fag. Dette er valt, heilt bevisst, som eit godt tiltak til førebygging i vanskelige overgangar, spesielt med tanke på elevar som treng ekstra tid på akkurat dette. Vi ser det som uheldig at denne gode overgangen skal avbrytast.

- Vi ynskjer at elevane skal bli høyrde. Etter klassemøte vil fleirtalet vere på Kaland. Det å slå seg saman med ein annan klasse på Kaland kjem fram som eit godt alternativ. Vi viser vidare til Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) §8-1: *Skolen. Grunnskoleelevane har rett til å gå på den skolen som ligg nærast eller ved den skolen i nærmiljøet som dei soknar til.* Vi vil at de som politikarar skal følgja opplæringslova, og samstundes la elevane sine røyster verta høyrde.
- Skulevegen frå Hope til Årås er ein særleg trafikkert veg. Alle elevane frå Kaland må ta skulebuss. Ein av elevane må krysse vegen i Bakkakrysset for å kome på bussen til Årås. Dette krysset er uoversiktleg, og det er 80 km/t her. Vi vil at alle relevante forhold som gjeld vegen og trafikken skal kartleggjast. Vi ynskjer ei utgreiing om dette er ein farleg skuleveg, der skulen må setje inn ekstra tiltak dersom den vert klassifisert som farleg.
- Sparing er her føreslått på bekostning av enkeltelevar. Vi ynskjer ikkje at våre 4 elevar skal bli kasteballar i Austrheim kommune sin økonomiplan, kun fordi dei er 4.
- Born med sakkunnige vedtak treng særleg tilretteleggjing i skulekvardagen. Overgangar for desse borna er svært viktig. Foreldre vil kontakta faginstansar for vidare utgreiing av problematikken, slik at vi kan få eit innsyn i kva som kan gjerast best for elevane med ekstra utfordringar i kvardagen. Vi ynskjer ei utgreiing av korleis desse elevane og deira problem skal handsamast.

Elevar og foreldre i den vesle 7. klassen på Kaland håpar at vi blir høyrde i denne saka. Me ynskjer at de som politikarar tek skulepolitikken opp på eit høgare nivå, der flytting til anna ungdomsskule gjeld alle, og ikkje berre nokre få av elevane. Vi ynskjer på det sterkaste ei konsekvensutgreiing der alt kjem på bordet, og der Austrheim kommune legg ein god strategi for korleis ein skal løyse saka om felles ungdomsskule i kommunen. Vi ber difor om at saka blir stroken frå forslag til budsjettkutt for 2020.

Med beste helsing

Hildegunn Neteland  
Leiar FAU Kaland barne og ungdomsskule

Charlotte Søreide  
Klassekontakt 7.kl og FAU-  
representant

Alle elevar og forledre i 7. kl støttar dette forslaget.



# Budsjett 2020

## Rådmannen sitt budsjettskriv



Austrheim har det vestlegaste fastlandspunktet i Noreg. I 2018 vart den universelt tilrettelagde vegen ut til varden opna. I løpet av 2019 har besøkstalet til Vardetangen tatt seg sterkt opp. Her er bilete frå opninga.

*Formannskapet Arbeidsmøte 4. november*

*Drøftingar med HTV 7. november*

*Formannskapet handsaming 21. november*

*28. november. Formannskapet sitt budsjett lagt ut offentleg og vert sendt kommunestyret*

*Mellom 28. november og 12. desember. Budsjett sendt til RMNF, Eldrerådet, Landbruksfagrådet og Ungdomsrådet*

*Kommunestyret 12. desember*

## Innhold

Føreord .....	3
Demografiske utfordringar for Austrheim kommune i økonomiplanperioden.....	3
Målsetjingar på økonomiområdet.....	4
Akkumulert underskot og ROBEK. ....	4
Arbeid med budsjettet og prosjektet «Austrheim - frå krise til utvikling.....	5
Rådmannen sine kommentarer til punkta i skrivet frå fylkesmannen .....	6
Andre moment i budsjettet 2020. ....	8
Rådmannen sitt arbeid med budsjett 2020.....	9
Auke av inntekter .....	9
Auke i tilbod/tenester 2020. ....	9
Kutt i budsjettet under den administrative handsaminga.....	9
Teknisk drift - Privatisering av kommunal veg.....	12
Investeringar 2020.....	14
Utrekningar som gjeld kutt i budsjett: .....	16
Austrheim kystbarnehage og Kaland barnehage. ....	16
Rådmannen sine kommentarer til nedbemannig i barnehagane. ....	17
DEL B. Økonomiplan 2019-2020-2021-2022.....	18
Finansielle nøkkeltal.....	19
Utvikling i lånegjelda .....	20
KOSTRA-gjennomgang av drift i Austrheim .....	21
Rådmannen si tolking av KOSTRA-tabellen. ....	22
KOSTRA-gjennomgang av dei mindre sektorane utanfor inntektssystemet.....	24
Rådmannen sin gjennomgang og tolking av KOSTRA-tala .....	25
Endringar i alderssamansetjinga i Austrheim – demografiske utfordringar.....	26
«Omsorgstrappa.».....	27
Investeringar i økonomiplanperioden.....	28
Større byggeprosjekt.....	29
Konklusjon .....	29
VEDLEGG: Fylkesmannen sitt skriv om statsbudsjettet 2020. ....	30



## Føreord

Dette dokumentet er rådmannen sin gjennomgang av hovudtrekka i budsjettet for 2020 og økonomiplanen for perioden 2021-2023. Det inneheld rådmannen sine prioriteringar for 2020 og økonomiplan for komande fireårs-periode. Arbeidet med budsjettet blir gjort i tett samarbeid med avdelingsleiarane og dei hovudtillitsvalde. Likevel er dette skrivet rådmannen sine kommentarer til det framlagde budsjettet. Det er lagt inn fleire KOSTRA-tal enn tidlegare. Grunnen er at i prosjektet frå 2018. «Austrheim – frå krise til utvikling,» har vi brukt offisielle nøkkeltal som KOSTRA, som gir politikarar og administrasjon verdifull styringsinformasjon.


## Demografiske utfordringar for Austrheim kommune i økonomiplanperioden.

Definisjon av demografikostnader kan vere kostnader som kommunen vil få på grunn av endra tal innbyggjarar i aldersgrupper. Statistisk nyttar t.d. dei over 80 år, sju ganger så mykje helse- og omsorgstenester som dei under 80 år. Telemarksforskning, som Austrheim kommune har eit samarbeid med, påviser ein auke på ca. 8,0 mill kr i demografikostnader i økonomiplan-perioden 2020-2023. Dei påviser færre barn i aldersgruppa 0-5 år, fleire barn i aldersgruppa 6-15 år og fleire eldre i aldersgruppa over 80 år. Utfordringa for Austrheim kommune dei næraste åra, er å ta ned forbruket i barnehage og vurdere korleis ein skal møte det auka behovet i skule og spesielt i eldreomsorg. Noko av auka elevtal i skule kan bli møtt med samanslåing av ungdomstrinn. Mange av klassane har i dag ikkje maksimalt elevtal, slik at auken i elevtal ikkje automatisk vil føre til auka klassetal på alle alderssteg.

Diagrammet og teksten under viser Austrheim kommune sine utfordringar i økonomiplanperioden 2020 – 2023. Mindre behov for kostnader i barnehage. Noko meir behov for kostnader i grunnskule. Betydeleg større behov for kostnader innan pleie og omsorg.

## Demografikostnader 2020-2023

- Diagrammet viser akkumulerte demografikostnader for ulike tjenesteområder for perioden 2020-2023.
- Basert på hovedalternativet (MMMM) er det for perioden 2020-2023 beregnet økte demografikostnader på 8,0 mill. kr (4,4 prosent).
- På pleie og omsorg er det beregnet økte demografikostnader på 7,9 mill. kr (10,7 prosent). På barnehage og grunnskule er det beregnet demografikostnader på hhv. -2,2 mill. kr (-7,7 prosent) og 1,5 mill. kr (3,2 prosent).
- På øvrige områder er det beregnet noe økte demografikostnader i perioden 2020-2023.



Akkumulerte demografikostnader 2020-2023. Mill. 2019-kr. Austrheim kommune. Kilde: SSB/TBU/beregninger ved TF

Hovudalternativet i prognosane for folketalsauke, er kalla MMMM. Det betyr at det er rekna middels utvikling i både fruktbarhet, levealder, innenlandske flyttingar og innvandring.

## Målsetjingar på økonomiområdet.

Austrheim kommune har vedtatt fylgjande målsetjingar for økonomien:

Me vil at:

1. Kvaliteten på tenestene skal oppretthaldast.
2. Det skal arbeidast for eit stabilt driftsresultat på minimum 3% av samla driftsinntekter. (Dette målet er seinare endra til 1,75 % av Departementet, red. merk.)
3. Det skal fokuserast på prosjektarbeid og nye metodar for oppgåveløysing.
4. Det skal fokuserast på rasjonalisering og effektivisering innan betaling, sakshandsaming og informasjon.

Rådmannen si vurdering av måloppnåing:

Punkt 1 er alltid eit grunnleggjande krav som vert sett av tilsette og leiarar i Austrheim. I tider med innstramming i dei økonomiske rammene vil dette også vere lagt til grunn.

Punkt 2 har Austrheim kommune gjennom fleire år ikkje klart å oppfylle. Dei grepa som no er gjort har som mål å kome fram til eit driftsoverskot på minst 1,75% framover. Det er eit mål å byggje opp eit disposisjonsfond på 30 mill. kr dei neste fem åra.

Punkt 3 er eit satsingsfelt framover. Gjennom 2019 har det vore drive tre prosjektarbeid som fylgje av det administrative arbeidet som vart sett i verk i 2018 på økonomiområdet. I tillegg har det vore drive to prosjekt innan helse gjennom året. Alle prosjekta har gitt gode resultat. Rådmannen vil halde fram med denne arbeidsformen på fleire felt framover.

Punkt 4 har det og vore drive arbeid med. Fokus på rasjonalisering og effektivisering gjeld alle område I organisasjonen. Ser vi på ting som er gjennomførte I 2019, kan vi nemne: Kommunen tilbyr Vipps på stadig fleire område. E-faktura er tatt i bruk. På informasjonssida har kommunen tatt i bruk varslingsprogram som kan nyttast i m.a. krisetider med t.d. vassledningsbrot. Skulane og barnehagane har teke i bruk program som lett kan nyttast til SMS-varsling av foreldre m.m. Det er fokus på rasjonell og effektiv drift på dei fleste område. Digitale program vert tatt i bruk på fleire område etterkvart. Dette er eit satsingsfelt. Samstundes må datatryggleik, og personvern (GDPR), alltid setjast høgt i arbeidet med digitalisering.

### Vidare seier dei vedtekne måla dette gjennom måten å oppnå målsetjingane på:

Dette vil me få til gjennom å:

1. Vidareføra god kontroll med økonomien og økonomiplanlegginga.
2. Fokusera på effektivisering og rasjonell drift med bruk av elektronisk betaling, sakshandsaming og informasjonssystem.
3. Syte for naudsynt investering i eksisterande bygg og anlegg.
4. Halde budsjettrammene.
5. Ta høg for moglege renteauke framover.
6. Integrera handlingsdelen til kommuneplanen i økonomiplanen og oppdatera denne kvart år for betre målstyring.)

## Akkumulert underskot og ROBEK.

Pr. 01.01.2019 har Austrheim kommune eit underskot på ca 4,9 mill kr.

Underskot pr. 01.01.2018	5,9 mill
Overskot 2018	1,0 mill
Akkumulert underskot pr 01.01.2019	4,9 mill

Utviklinga på overskot/underskot 2014-2018 viser: (- er underskot)

2018	2017	2016	2015	2014
1 009	-2 182	4 457	-8 248	-5 182

Det er denne økonomiske utviklinga som har ført til at kommunen no har eit reelt akkumulert underskot på ca 4,9 mill kr. Kommunen har ikkje eit disposisjonsfond som kan nyttast. Det er mål i økonomiplan-perioden å byggje opp eit slikt fond som økonomisk buffer. Det bør gjerast ved å leggje opp til eit netto driftsoverskot på minst 1,75 % av driftsinntekter. (Ca. 3,3 mill kr.)

Det er utvikla rutiner for rapportering til politisk nivå. Det vert lagt fram tertialrapportar til formannskap/kommunestyre etter første og andre tertial kvart år. I tillegg vert formannskapet gitt meir detaljert informasjon undervegs. I skrivande stund viser prognosane at kommunen kan kome ut med eit overskot på meir enn fire mill kr i 2019. Dette er eit forsiktig anslag. Dersom ein klarer 4,9 mill kr i overskot, er Austrheim kommune ute av Robek-lista.

Budsjettet for 2019 vart lagt opp med eit overskot på 6,06 mill kr. Rådmannsnivået, saman med leiarane og dei hovudtillitsvalde har samarbeidd godt om nedtrekket i lønnsmidlar og dermed stillingar. Heile tida har ein opplevd å ha politisk støtte i arbeidet.

Arbeid med budsjettet og prosjektet «Austrheim - frå krise til utvikling».

Hausten 2018 la «Betre organisasjon», ved Ole Georg Hoaas fram ein grundig rapport basert på KOSTRA-analysar over kostnadsstraumane i Austrheim-økonomien. Dette vart eit viktig bidrag til arbeidet med budsjettet for 2019. På bakgrunn av funn i analysen, har rådmannen i 2019 gjort innstrammingar av stillingar på desse områda:

- Barnehage
- Legekontor
- Bibliotek
- Spesialundervisning
- Skular

I arbeidet med innstrammingane i stillingar, har det vore eit tett samarbeid med dei tillitsvalde. I tillegg vart det i 2019 ikkje delt ut kulturmidlar.

Metodikken som er nytta i analysen i dette prosjektet, har gitt verdifulle innspel til korleis ein kan arbeide på eit strategisk og analytisk nivå frå rådmannen si side. Arbeidet med KOSTRA-analysen for nytt år 2018, har starta opp. Delar av den analysen er lagt inn i dette dokumentet i seinare punkt.

I kjølvatnet av av prosjektet «Austrheim – frå krise til utvikling,» vart tre prosjekt sett i gang.

1. Strategisk eigedomsforvaltning.
  - a. Rapport er i skrivande stund til høyring i formannskapet som er referansegruppe. Rapporten gir ei tilråding på kva bygg kommunen bør behalde og kva eigedommar som kan vurderast å selje. Det er ei politisk sak å avklare kva eigedommar kommunen skal selje og drifte framover. Dette krev politisk samarbeid i perioden.
2. Omfang og rutinar for spesialundervisninga i skule og barnehage.
  - a. Arbeidet pågår framleis. Som delprosjekt har arbeidet resultert i endring i rutinar og samspel mellom instansane innan spesialundervisninga. Det har og vore nedgang i

tildelte ressursar til spesialundervisning. Dette har gitt verdifulle bidrag til å organisere ei tilrettelagt undervisning for større grupper av barn. Det er viktig at sjølv om ein reduserer omfang av spesialundervisninga, må kommunen oppfylle krav i lovverk. I 2019 har fleire av vedtaka vore påklaga til fylkesmannen. Kommunen fekk medhald i alle klagene.

### 3. Administrativ organisering.

- a. Det har vore arbeid fram ein ferdig organisasjonsplan for rådmannen sitt strategiske nivå. Stillingar er lyst ut innanfor gjeldande stillingsheimlar. Arbeidet med å utforma nivået under rådmannsnivået vil bli starta oppatt når det er tilsett i kommunalsjefnivået

Alle tre prosjekta har levert så langt. Dette har vore ein nyttig arbeidsform som rådmannen også vil nytte framover. Dei tre prosjektleiarane har også levert godt arbeid. Takk til dei.

Rådmannen sine kommentarer til punkta i skrivet frå fylkesmannen

Som vedlegg er lagt inn budsjettskrivet frå fylkesmannen. I dette punktet går rådmannen gjennom skrivet og gir kommentarer utifrå Austrheim sin situasjon.

Austrheim kommune er tildelt fylgjande midlar for 2020 i tillegg til berekna skatt:

Statsbudsjett 2020- økonomiplan	Statsbudsjett	Økonomiplan
Innbyggartilskot	90 862	87 831
Distriktstilskot	2 938	2 850
Auka lærartettleik 1. - 10. kl	(482)	
Ordinært skjønn	2 000	2 000
Pårekna skatt og skatteutjamning	<u>91 659</u>	<u>89 327</u>
Samla rammetilskot og skatteinntekter 2020	<u>187 459</u>	<u>180 847</u>

I tabellen som fylgjer statsbudsjettet er det spesielt lagt inn summen 482 000 kr til tidleg innsats i skulen, beløpet er ein del av innbyggartilskotet. Summen er fordelt 50/50 på skulane sine budsjett.

I den vedtekne økonomiplanen er talet 180 847 000 kr. Statsbudsjettet aukar såleis beløpet med ca. 6,6 mill kr frå økonomiplanen.

Desse tidlegare øyremerka tilskota er lagt inn i ramme for 2020:	
Tilskot til psykologar	441 000
Tilskot til heimebuande demens	200 000
Tilskot til etablering og tilpassa eigen busted	264 000
Tilskot til tidleg innsats 1.- 10. trinn	750 000
Komp. Eigedomsskatten	988 000
	2 643 000

Tabellen viser tilskot som no er innlemma, denne summen må såleis trekkjast frå auken i rammetilskotet frå 2019 til 2020. Reell auke er altså ca 4 mill kr. Auken er ca 2,1 %. Vi viser til skrivet frå Fylkesmannen. Skrivert ligg som vedlegg- Fylkesmannen skriv at samla prisvekst i 2020 blir 3,1 %. Den nominelle auken i budsjettet krev såleis at Austrheim kuttar i rammene i budsjett 2020.

Når det gjeld tilskotet til tidleg innsats, er dette ein del av rammetilskotet, men det er lista opp med eit beløp i statsbudsjettet, 482 000 kr.

### Psykologar i kommunen – lovpålagt frå 2020.

Austrheim og Fedje har felles stilling for psykolog. Frå 2020 er kommunane pålagt å ha psykolog. Denne stillinga er for tida ledig og vert lyst ut til vi får søkjarar. I regionen vert det arbeidd med å finne løysingar interkommunalt.

### Opptrappingsplan for rus

Arbeidet ligg under helse, fagavdeling rus og psykiatri. I 2019 vart det gitt statstilskot for ei stilling som miljøarbeider. Denne stillinga er besett og vil halde fram. Mangel på psykolog er merkbar.

### Helsestasjon og skulehelseteneste

Austrheim har hatt 1,6 stilling på dette området. Gjennom dei tre siste åra har ein fått øymerka tilskot som har styrka dette feltet. I 2019 har det vore ein auke på 40 % til ei prosjektstilling finansiert av tilkøtet. Tilkøtet vert brukt i 2020. Dersom det vert utlyst tilskot for 2020, kjem kommunen til å søkje.

### Dagtilbod for demente.

Drifta av dette er rekna inn i bemanninga ved Nordliheimen. Det vert gjeve dagtilbod 3 dagar i veka. Tidlegare øymerka tilskot har vore nytta til investeringar og andre innkjøp.

### Tilskot til frivilligsentralar.

Denne vart innlemma i rammetilskotet frå 2017.

### Sjukeheimplassar og omsorgsbustader.

Dette er statleg investeringstilskot. For Austrheim kan dette bli vanskeleg å utnytte fordi

- a. 2020 er siste år det vert gitt tilskot til utbetring av eksisterande plassar på sjukeheimen
- b. Tilskot vert gitt til omsorgsbustader med heildøgns omsorg.
- c. Frå 2021 vert det berre gitt tilskot til sjukeheimplassar som inneber ein auke i kommunale plassar.

### Ressurskrevjande tenester

Ordning som gjev statleg tilskot til kostnadskrevjande tenester mot personar mellom 16 og 67 år. Kommunen betalar alle kostnader opp til 1 361 000 kr. Kostnader over denne grensa refunderer staten 80 % av. For 2020 er det kommunale grunnbeløpet auka med 50 000 kr utover den pårekna lønsveksten. For Austrheim vil den auken utgjere 350 000 kr i meirutgifter i 2020.

### Tidleg innsats i skule 1. – 10. kl.

Frå 2020 er tilskotet innlemma i ramma, men spesielt bevilga med eit beløp. I 2019 fekk Austrheim ca 750 000 kr i øymerka tilskot. Dei 750 000 i 2019-tilskot finansierer stillingar som er ved skulane i dag. For 2020 er dette berekna til 482 000 kr.

### Overføring av ansvaret for skatteinnkrevjing.

Austrheim har ei stilling som skatteinnkrevjar felles med Fedje. Fedje betaler ca 200 000 kr pr år for tenesta. Austrheim kommune betaler ca 200 000 til Bergen kommune for kjøp av arbeidsgjevarkontrollen. Dette blir såleis eit 0-spel. 1. juni 2020 skal tenesta overførast til Skatteetaten. Det vert viktig å avklara stillinga i løpet av kort tid. Kommunen skal behalde namnsinnkrevjarfunksjonen. Dette er ein svært liten del av tenesta. I tillegg må rådmannen leggje ansvar for eigedomsskatt ein annan stad i organisasjonen.

### Distriktstilskotet og småkommunetilskotet.

Samla tilskot til Austrheim vert 2 938 000 kr. I økonomiplanen er dette rekna til 2 850 000, ein auke på 88 000 kr.

### Skjønstilskot 2020

Austrheim kommune har tidlegare gjennom fleire år fått 2 mill kr i skjønstilskot. Dette skal utjamne dyr drift og kompensere for halvering av småkommunetilskotet som vart gjort av Stortinget for nokre år sidan. I tillegg kan kommune søkje ekstraordinært tilskot på sommaren 2020. Fylkesmannen signaliserer at han særleg vil vurdere kommunar som taper utilsikta på samanslåing når søknadene vert vurdert i 2020. I 2018 fekk Austrheim 2 mill, i 2019 fekk kommunen 1,9 mill kr ved denne tildelinga.

### Eigedomsskatt

Austrheim er berørt av endringa i «maskinskatten.» Regjeringa gjev kommunen kompensasjon for dette. I 2019 fekk Austrheim 491 000 etter at Stortinget oppjusterte den samla kompensasjonen. Nivået på den samla kompensasjonen i 2020-budsjettet er sett tilbake til det opprinnelege beløpet regjeringa la inn før Stortinget si påplussing i fjor. I 2020 er tapet rekna til 988 000, dette er lagt inn i rammetilskotet.

Totalt bortfall i løpet av dei 7 åra, vert mellom 3,0 og 3,2 millionar. Viss ordninga fell bort etter 7 år, må økonomiplanen ta høgde for det.

### Andre moment i budsjettet 2020.

#### 1. SFO.

Det vert endringar i foreldrebetalinga. Foreldre med barn i 1. og 2. klasse skal ikkje betale meir enn maks 6 % av lønn til SFO. Dette er ei ordning som vi ikkje på førehand pårekne korleis slår ut.

Foreldre med funksjonshemma barn, har krav på gratis SFO opp til og med 7. klasse. I dag er det ikkje funksjonshemma barn i den alderen i SFO. Om og korleis dette vil slå ut, er det ikkje mogleg å fastslå.

#### 2. Ergoterapeut.

Kommunen skal ha ergoterapeut. Det er no pålagt. Austrheim har kjøpt denne tenesta frå Masfjorden kommune i ei delstilling. Masfjorden har sagt opp den avtalen. Det er tilsett ergoterapeut lokalt. Førebels vert 20% av stillinga hennar nyttast som ergoterapeut. I tillegg vil Fedje kjøpe 20% stilling.

Rådmannen sitt arbeid med budsjett 2020.

Rådmannen la fram økonomiplanen i junimøtet til kommunestyret. I haust har økonomisjefen på vegne av rådmannen arbeidd fram eit budsjett saman med kvar budsjettansvarlege.

Budsjettgrunlaget som desse utarbeidde, har rådmannsgruooa arbeidd med i rådmannsgruppa før det vart lagt fram for avdelingsleiarane 22. oktober. I det møtet vart dei ulike kutta presenterte.

Rådmannsgruppa har så saman med aktuelle avdelingsleiarar arbeidd vidare med kutt og rammetilpassing. Rådmannen ser at det er eit komplisert arbeid å få på plass eit budsjett og ein økonomiplan innanfor dagens rammer med krav om eit overskot på 30 mill kr i perioden. Dette nivået er omlag det som er tilrådd av fylkesmannen for stabil drift. Rådmannsgruppa arbeidde inn nye kutt etter arbeidsmøtet med formannskapet 4. november. Desse siste endringane i budsjettet har vore drøfta med dei hovudtillitsvalde og hovudvernombodet i drøftingsmøte 7. november. Rådmannen har involvert aktuell avdelingsleiar i forslaga om kutt.

Auke av inntekter

- **Skuleavtalen med Lindås/Alver kommune på Kaland -reforhandling.**  
Lindås/Alver betaler 25 000 kr pr år for kvar elev frå Åsheim-krinsen som går på Kaland. Beløpet har vore fast kronebeløp sidan 1990-talet. Skuleåret 2019-2020 år er det 31 elevar frå Åsheim på Kaland. Gjennomsnittleg elevkostnad på Kaland er ca 98 500 kr. Den vedtatte gjesteelevsatsen mellom kommunena i Hordaland, er litt over 100 000 kr. Austrheim bør ta initiativ for å reforhandla avtalen med Lindås/Alver. Reforhandle avtalen med Lindås/Alver. Gjeldande gjestesats ville tilført ca 75 000 pr elev. Samla 2,35 mill kr. pr. år.  
2020: 970 000 kr.

Auke i tilbod/tenester 2020.

- **Merkantil stilling Kaland/Servicekontoret**  
Rådmannen ynskjer å tilsetja i den vakanta merkantile stillinga på Kaland. Ein legg opp til ei 50% stilling frå 15. august 2020. Stillinga vert organisatorisk lagt under Servicekontoret og skal ha merkantilt ansvar inn mot både skulen og barnehagen på Kaland.
- **Ergoterapeut**  
Austrheim har kjøpt ergoterapitenester frå Masfjorden i to år. Masfjorden har sagt opp denne avtalen for å styrke si eiga teneste. Rådmannen ynskjer å omgjera ei eksisterande stilling for ein miljøterapeut til 20 % ergoterapeut. Vedkomande har fagutdanninga som trengst. I tillegg vil Fedje kjøpe 20% stilling som ergoterapeut.

Kutt i budsjettet under den administrative handsaminga.

- **Kyrkja**  
KOSTRA-tabellen på side 23 viser at Austrheim kommune overfører eit større beløp til kyrkja enn landsgjennomsnittet. I forhold til normert nivå for Austrheim seier tabellen at det er 1,9 million kr å spare på dette. Rådmannen føreslår at kommunen tar eit nedtrekket her. I 2020 er det lagt inn kutt på 0,5 million kr. Dette kuttet vert vidareført som ramme dei neste åra i perioden.

➤ **Kultur**

På side 22 i dette dokumentet står KOSTRA-tala for kultur. Desse viser at både ungdomstiltak, bibliotek og kulturskule er felt Austrheim brukar meir pengar enn landsgjennomsnittet. Tilsaman seier tabellen at kommunen ligg 2,2 million kr over forbruk på landsgjennomsnittet på desse tre områda. Alle desse områda har vore satsingsfelt i Austrheim. Med kutt innan dei fleste felt i budsjettet, meiner rådmannen at det kan kuttast 443 000 kr. Rådmannen får ansvar for å fordele kutta innan ramma for kultur.

➤ **8. klasse frå Kaland til Årås.**

Hausten 2020 skal 4 elevar frå Kaland skulekrins starte i 8. klasse. I tillegg er det 3 elevar frå Åsheim krins. Med så få elevar, må skulen slå saman klassane i nokre av timane. Rådmannen føreslår å føre elevane over til Årås skule. 8. klassen på Årås vil ha 14 elevar frå hausten 2020. Ein samla 8. klasse vil altså ha 17 eller opp til 21 elevar etter samanslåinga. For kvar Åsheimlev som startar på Lindås, misser Austrheim 25 000 kr fordelt på skuleåret.

Innsparing ca. 1, 25 lærarstilling innsparing ved Kaland barne- og ungdomsskule. 350 000 kr. (750 000 heilårsverknad)

Kostnadsauke. 3 elevar skuleskyss.

Denne overflyttinga treng ikkje vere den endelege samanslåing av ungdomsskulane. Det er eit pedagogisk grep for å sleppe å tilby elevane på Kaland fådelt ungdomstrinn. Kommunestyret kan bruke nødvendig tid til å få belyst og drøfta ei eventuell samanslåing.

➤ **1. klasse Kaland hausten 2020 5 elevar.**

Når berre 5 elevar startar i 1. klasse hausten 2020, må rektor slå saman 1. og 2. klasse i 7 timar i veka.

Innsparing ca. 27% lærarstilling Kaland 72 000 kr. (160 000 heilårsverknad).

➤ **Kutt timar Kaland skule på grunn av slutt hjelpetiltak**

16 timar utgår i ungdomsskulen. Dette er timar som har vorte refundert frå andre kommunar.

Innsparing kr. 0. Kutt i stillingar 70 % lærarstilling.

Brutto innsparing 202 000 kr. (heilårsverknad 450 000 kr brutto). Netto 0 kr på grunn av refusjon frå andre kommunar.

➤ **Konklusjon Kaland**

Kaland totalt ca. 2 lærarstillingar.

Innsparing i 2020 ca. 420 000. Heilårsverknad 930 000 kr. I tillegg vart 1 assistentstilling kutta frå hausten 2019.

Innsparing assistentstilling 585 000 kr i 2020. Kostnadene med den stillinga har vorte refundert av andre kommunar.



Kutt i inntektene 585 000 kr.

➤ **Kystbarnehagen**

Bemanningsnorm for barnehagane seier at ei avdeling med 18 plassar skal ha ei bemanning på 300% stilling. Ei avdeling med 24 plassar skal ha bemanning på 400 % stillingar. Dette gjev 20 100% stillingar ved Kystbarnehagen. I tillegg kjem administrativt personale og personale til spesialpedagogiske tiltak. Kystbarnehagen kan kutte 1,7 stilling.

Innsparing: 840 000 kr som årsverknad.

➤ **Kaland barnehage**

Ein tilsvarande gjennomgang av stillingane og bemanningsnormen i Kaland barnehage viser at barnehagen kan kutte ca 1,9 stilling. Ved naturleg avgang og permisjon, vil barnehagen ta ned bemanninga slik i løpet av dei fem første månadene i 2020. Rådmannen tilrår at ein lar denne naturlege avgangen gå som normalt i 2020.

Innsparing. 963 000 kr i 2020. 1,2 mill kr som heilårsverknad.

➤ **Teknisk drift**

Austrheim har gjennom fleire år hatt tilbod om eigen buss til dei som arbeider ved Aufera AS på Manger. Dette har vore eit samarbeidstiltak med Nav. Sjøføren pensjonerar seg ved årsskiftet. Rådmannen føreslår at transprottilbodet vert lagt ned. Det er mogleg å kome med buss frå Mastrevik Torg til arbeid. Nokre av brukarane nyttar dette busstilbodet nokre dagar i veka i dag.

Innsparing netto ca 450 000 kr.

Dersom Austrheim skulle hatt eigen sjåfør i eiga stilling for dette, ville årskostnaden vore rundt 7 – 800 000 kr.

➤ **Nav flyktingetenesta.**

Flyktingesekretærstillinga har vore ei prosjektilsetjing. Stillinga utgår 31.12.2019.

Innsparing ca 650 000 kr.

Arbeidsoppgåver som må haldast fram, vert fordelt på andre instansar.

➤ **Års skule lærar**

Kutt lærar ca 0,5 stilling

Innsparing 280 000 kr.

➤ **Års skule assistent**

Ei 100% stillingar vert sagt opp.

Innsparing 1,0 stilling 400 000

➤ **Vaksenopplæring**

Haust 2020 oppseiing 50% stilling

Innsparing 300 000 kr.

➤ **Teknisk drift – veg**

Privatisere kommunal veg. Dette er strekningar som det i dag anten bur få fastbuande ved eller det berre er fritidsbustader ved.

Fylgjande vegar vert føreslått privatiserte.

1. Leirvåg. Veg til Neteland.
  - a. 2 eigedommar med fastbuande,
  - b. 2 fritidsbustader
2. Veg til Strømstad.
  - a. Ingen fastbuande
3. 2 vegar på Bakka
  - a. 2 bustadhus
4. Veg til Hoplandsmarka
  - a. Første veg 260 m med fast dekke. 4 bustadhus
  - b. 1840 m med dårleg grusveg. 1 fritidsbustad
5. Toftegård
  - a. Veg til Daae på Toftegård

Desse tiltaka vil gi innsparte brøyteknader og kommunen vil spare framtidig vedlikehald. Nokre av vegane er i dårleg stand pr i dag. Kommunen sin heimel for å nedleggje kommunal veg, framgår av § 7, tredje ledd. Det er ingen bindande føringar eller meterielle krav til kommunen sitt vedtak etter denne bestemmelsen. Det er heller ingen tekniske krav som må oppfyllast før vegen kan vedtakast å privatiserast. Dette kan føre til større materielle kostnader for dei som overtek, noko fleire mediaoppslag viser.

**Teknisk drift - Privatisering av kommunal veg**

Kommunens heimel for å vedta at kommunal vei skal nedleggast, er veglova § 7 tredje ledd. Det er ingen bindande føringar eller materielle krav til kommunen sitt vedtak etter denne bestemmelsen. Det er heller ingen tekniske krav som må vere oppfylt for veien før privatiseringsvedtaket. Brukarane risikerer derfor store kostnader ved overtaking av vedlikehaldsansvaret, og det har vore flere medieoppslag om dette dei siste åra.

Når offentleg veg vert lagt ned, kan han leggjast ut til bruk som privat veg, jf. veglova § 8 andre ledd. Dette inneber at brukarane av vegen overtar vedlikehaldsansvaret, jf. veglova § 54. Vedlikehaldskostnadane skal fordelast forholdsmessig mellom brukarane etter kor omfattande den enkelte sin bruk er.

Når det gjeld eigedomsretten til veggrunnen og vegbyggverket, så beheld kommunen denne sjølv om vegen er overført til privat bruk. Ei eventuell overføring av eigedomsretten må skje på sjølvstendig grunnlag. Ein føresetnad for ei slik overføring er at kommunen er eigaren av veggrunnen og vegbyggverket – dette må kartleggast ved kommunen sin omklassifisering av vegen til privat veg. Det kan ikkje automatisk leggast til grunn at kommunen har eigedomsrett til

veggrunnen som vert omklassifisert. Det må derfor dokumenterast eller gjerast sannsynleg kven som har eigedomsrett til veggrunnen.



### Investeringar 2020.

I dialog med Fylkesmannen er det klargjort at Austrheim kan gjere mindre investeringar i 2020. I tillegg kan kommunen investere 15 millionar i vatn og kloakk i 2020. Det vil ligge eit tilsvarande investeringsbeløp i 2021. Investeringane i vatn og avløp er sjølvfinansierande med gebyr.

Det er til slutt fylkesmannen som godkjenner eller underkjenner kommunestyret sitt vedtak om investering så lenge Austrheim er på Robek-lista.

### Investeringar i 2020.

Føremål	Kostnad
Låneautomat bibliotek	100 000
Fagfornyng skulane PC småskuletrinn	500 000
IKT skulane	150 000
IKT barnehagane	100 000
Kaland 1 skulekjøkken	100 000
Omsorgsteknologi	1 000 000
Steinalderbuplassen Fosnstraumen	200 000
Tiltak i landbruket	300 000
VA-investeringar	15 000 000
IKT kommunen	150 000
IKT felles i kommunen	400 000
Byggutbetring	500 000
Kyrkja – utbetring	700 000
Digitalisering/ombygging i Servicekontoret	200 000
	19 400 000

Ordinært låneopptak 8,4 mill

Overføre førre år 8,5 mill

Sal av eged. 2,5 mill

1. Låneautomat bibliotek.

I 2019 har ein starta opp arbeidet med å automatisere utlånet på biblioteket. Låneautomaten som skal kjøpast inn kostar ca 100 000 kr.

2. Fagfornyng småskuletrinnet PC småskuletrinnet

I ny læreplan etter fagfornyng i skulen, er det fem ferdigheiter vektlagt. Eit av desse er digitale ferdigheiter. Småskuletrinnet har for lite datamaskiner til å driva digital undervisning. Rektorane føreslår 500 000 pr år i fire år for å utstyre skulane.

3. IKT skulane

Skulane har hatt eit beløp på 150 000 til å fornye dataparken for tilsette og lærarane. Beløpet har vore det same i fleire år og bør halde fram i 2020.

4. IKT i barnehagane.

Datautstyret i barnehagane bør skiftast ut og oppgraderast. Det bør kjøpast inn fleire datamaskiner eller iPad til avdelingane. Digitale ferdigheiter er ein del av rammeplanen i barnehagen og det er eit krav til digitale ferdigheiter når barna startar i skulen.

5. Kaland 1 – skulekjøkken.

Skulekjøkkenet har gamalt og slitt inventar. Det bør skiftast mellom anna skiftast blandebatteri og benkeplater. I tillegg bør ein fornye ein del anna av inventaret.

6. Omsorgsteknologi

Nordhordlandsprosjektet held fram med overgang til ny teknologi for heimebuande og bebuarar på Nordliheimen og omsorgsbustader. I 2019 vart særleg tryggleiksalarmane skifta ut. I 2020 skal det skiftast ut alarmanlegg på Nordliheimen. I tillegg skal det etter kvart kjøpast inn fleire teknologiske løysingar for heimebuande.

7. Steinalderbuplassen i Fosnstraumen.

Kommunen har fått to tilskot til oppjustering av steinalderbuplassen i Fosnstraumen. For å få nytta desse, må kommunen stille med ein eigendel. Det bør og utnemnast ein prosjektleiar for arbeidet. Det bør leggjast inn 200 000 kr i 2020.

8. Tiltak i landbruket

Landbruksfagrådet har bede om midlar til ulike tiltak innan landbruksnæringa. Rådmannen føreslår å leggje inn 300 000 kr i 2020. Landbruksfagrådet får i oppgåve å laga regelverk og prosedyrar for søkander.

9. Vatn og avløp

Dette har tidlegare vore informert om til politisk nivå og til innbyggjarar.

Tiltaka innan VA i 2020 er:

<b>Tiltak VATN</b>	Kostnad	Årleg kostnad
Nye teknologiske investeringar	1 000 000	50 000
Nye vassmålarar	300 000	15 000
Leidning Utkilen-Torvneset	3 800 000	90 000
Leidning Kilstraumen-Mastrevik	7 500 000	187 500
Leidning Førland	5 250 000	130 000
Utarbeide plan for reingjering	50 000	50 000
Årleg fornying av leidningsnettet	2 175 000	54 375
	<b>20 075 000</b>	<b>576 875</b>
<b>Tiltak kloakk</b>		
1 pumpestasjon skal utbetrast		
3 nye kloakkpumpestasjonar skal byggjast	3 000 000	75 000
Leidningar	3 900 000	97 500
	<b>6 900 000</b>	<b>172 500</b>

Gebyr.

Vatn. Utbygginga vil føre til auke i gebyra på ca 725 kr. Auken skjer over to år med investeringar.

Gebyr 2018 5 122 kr bustad over 90m<sup>2</sup>

3 278 kr andre bygg

Kloakk. Utbygginga vil gi auka gebyr på ca 280 kr pr abonnenent.

Gebyr 2019 Bustad over 90m<sup>2</sup> 5 904 kr

Andre bygg 3 884 kr

For å berekne auken har ein delt årleg beløp på tal abonnenentar. Dette er ikkje ei nøyaktig utrekning, men antydar utviklinga.

10. IKT i kommunen generelt.

Kommunestyret har sett av 150 000 kr kvart år til generell oppgradering av IKT i kommunen. Dette er ulike prosjekt som oppstår gjennom året.

11. IKT felles i kommunen.

Dette er prosjekt som blir styrt gjennom IKT Nordhordland etter den vedtatte IKT-strategien.

12. Byggutbetring.

Gjeld oppgraderingar av kommunale bygg og leigebygg gjennom året.

13. Kyrkja utbetring.

Kyrkja må setje i gang utbetring av to bærande søyler i kyrkjerommet. Søylerne er vridde av vekta frå tak og overbygg gjennom fleire år. I 2019 er det utarbeidd ein rapport frå Multiconsult som tilrår å gjere utskiftingane snarast. Kyrkjeverge har varsla kommunen, men arbeidet er ikkje sett ut på anbod. Rådmannen kjenner ikkje dei faktiske kostnadene, men har fått antyda noko rundt 700 000 kr.

14. Servicekontoret – digitalisering og ombygging

Når Nav flyttar ned i Servicekontoret, må ein skjerma området med m.a. vegg. I tillegg må et mindre ombyggingar til. I tillegg vil rådmannen arbeide fram ulike digitale løysingar som kan nyttast både av publikum og tilsette.

Utrekningar som gjeld kutt i budsjett:

Austrheim kystbarnehage og Kaland barnehage.

	Bemanning haust 2019	Rådmannen sitt forslag til reduksjon i 2020 Budsjett
<b>Austrheim kystbarnehage</b>		
Styrrar	1	
Styrrarassistent	1	-0,25
Spesped	0,8	-0,25
Assistent spesped	0	
Assistent i plantid	1,2	-1,2
Grunnbemanning	20	
Stillingar totalt	24	-1,7
<b>Kaland barnehage</b>		
Styrrar	1	
Styrrarassistent	0	
Spesped	0,4	
Assistent spesped	0,25	
Assistent i plantid	0,6	-0,6
Grunnbemanning	14,41	-13
	16,66	-1,9

Rådmannen sine kommentarer til nedbemannings i barnehagane.

Rådmannen har hatt dialog med styrarane i barnehagane om stillingskutt. Det vart gjort kutt våren 2019. Barnehagane ligg endå pr oktober 2019, over bemanningsnormen. Den sentralt vedtatte bemanningsnormen er slik:

- 3 x 100 % stillingar til avdelingar med 18 plassar
- 4 x 100% stillingar til avdelingar med 24 plassar.

Dette gjev slike kutt i barnehagane:

#### Austrheim kystbarnehage.

I dialog mellom styrar og rådmann er det redusert 1,7 stillingar i bemanninga. Styrar og personalkonsulent gjennomfører tiltaket saman med tillitsvalde.

#### Kaland barnehage.

Styrar har lagt opp til at reduksjonen i stillingar skjer ved naturleg avgang og permisjonar. Det vert kutta 1,9 stillingar.

Styrarane har uttrykt ynskje om å ha personale over bemanningsnormen på grunn av fare for slitasje og eit dårlegare pedagogisk tilbod med slik bemanning det vert lagt opp til no. Rådmannen vektlegg at Austrheim kommune pr i dag ikkje er i ein situasjon der ein kan nytte høgare ressursar enn det som er vedtatt sentralt.

Austrheim kommunestyre vedtok i 2014 at kommunen skulle styrka bemanninga i barnehagane ved å setje inn assistent i den plantida barnehagelærarane samarbeider borte frå avdelinga. Dette vedtaket innstiller rådmannen på å oppheva for å ikkje tilsetje utover den sentralt vedtatte bemanningsnormen i barnehagane.

DEL B. Økonomiplan 2019-2020-2021-2022.

Kommunelova § 14.4 slår fast at kommunen skal utarbeide økonomiplan og årsbudsjett.

Økonomiplanen skal vise

- Langsiktige utfordringar
- Korleis mål og strategiar i kommunale og regionale planar skal følgjast opp.

Økonomiplanen og årsbudsjettet skal vise:

- Kommunestyret sine prioriteringar og bevilgingar
- Mål og premisser som økonomiplanen og årsbudsjettet byggjer på
- Vise utviklinga i kommunen sin økonomi og utviklinga i gjeld og andre vesentlege langsiktige forpliktingar

Telemarksforskning har samla KOSTRA-statistikk for Austrheim kommune. I det fylgjande har rådmannen tatt ut ein del av desse analysane og kommentert det inn mot drifta.

---

## Økonomiske rammebetingelser

---

- *Austrheim er en middelinntektskommune*
  - I KOSTRA er Austrheim plassert i kommunegruppe 2, dvs. små kommuner med middels bundne kostnader per innbygger og middels frie disponible inntekter.
  - Korrigerte frie inntekter (inkl. e-skatt, konsesjonskraftinnt. og DA) på 103 prosent av landsgjennomsnittet i 2018.
  - Samlet beregnet utgiftsbehov i inntektssystemet på ca. 9 prosent over landsgjennomsnittet i 2018.



*De økonomiske rammebetingelsene vil være styrende for det tjenestetilbudet som kommunen kan tilby innbyggerne.*



## KOSTRA- og effektivitetsanalyse – Austrheim kommune 2018

- Vi har utarbeidet en KOSTRA- og effektivitetsanalyse som skal illustrere hvordan kommunens ressursbruk på sentrale tjenesteområder harmonerer med kommunens økonomiske rammebetingelser, dvs. vi tar hensyn til både beregnet utgiftsbehov og reelt inntektsnivå (målt som korrigerte frie inntekter).
- Våre beregninger viser at Austrheim kommune, på de sentrale tjenesteområdene som inngår i inntektssystemet, hadde merutgifter i forhold til landsgjennomsnittet på 33,9 mill. kr i 2018. Da er det ikke hensyntatt verken for at kommunen hadde et høyere beregnet utgiftsbehov enn «gjennomsnittskommunen» (ca. 9 prosent i 2018), eller at kommunen hadde et inntektsnivå som lå ca. 3 prosent over landsgjennomsnittet (tilsvarende om lag 4,9 mill. kr i 2018).
- **Beregningene viser at Austrheim kommune samlet sett hadde merutgifter på 14,1 mill. kr i forhold til kommunens «normerte og inntektsjusterte utgiftsnivå» i 2018.**


Hovedfunn og oppsummering KOSTRA- og effektivitetsanalyse. Austrheim kommune 2018. Kilde: KOSTRA, beregninger ved TF

Tjenesteområde	Mer-/mindreutgift 2018 (mill. kr) sammenlignet med		
	Lands- gjennomsnittet	«Normert og utgiftsnivå»	«Normert og inntektsjustert nivå»
Barnehage	5,0	6,2	5,3
Administrasjon	5,9	2,4	2,0
Landbruk	0,2	0,0	0,0
Grunnskole	6,7	4,4	3,1
Pleie og omsorg	4,0	-6,2	-7,9
Kommunehelse	6,3	4,4	4,2
Barnevern	6,4	6,8	6,6
Sosialtjeneste	-0,6	1,1	0,8
<b>Sum</b>	<b>33,9</b>	<b>19,0</b>	<b>14,1</b>

Tabellen ovanfor samanliknar driftsnivået på tenester samanlikna med kommunegruppe 2 og landsgjennomsnittet. Det må ikkje tolkast som fasit, men gir ein peikepinn på tenesteområde Austrheim kan «dukka ned i» for å vurdere kva som er kostnadsdrivande.


Finansielle nøkkeltal.

Tilrådinga er at kommunalt driftsoverskot bør vere ca 1,75 % av for å ha nok igjen til midlar til avsetningar og investering. Figuren viser overskotet dei tre siste åra. Berre 2016 hadde Austrheim eit tilfredsstillande resultat. Pr. 01.01.2019 har Austrheim eit opparbeidd underskot på ca 4,9 mill kr.



	Austrheim			K-gr. 2	Landet
	2016	2017	2018	2018	2018
Brutto driftsresultat	0,1	-2,4	-2,3	1,2	2,0
Netto driftsresultat	1,8	-0,2	0,4	1,9	2,6
Finansutgifter	3,6	3,1	2,4	4,0	4,1
Disposisjonsfond	0,3	0,3	0,3	9,0	10,8
<b>Netto lånegjeld</b>	<b>89,5</b>	<b>91,7</b>	<b>90,8</b>	<b>79,7</b>	<b>82,0</b>

Austrheim har gjennom år hatt ei høg lånegjeld. Argumentasjonen har vore at når vi var ein høginntektskommune med gjennomsnittleg skatteinngang mellom 115 og 120 % av landsgjennomsnittet, klarte vi det. Gjennom dei tre siste åra har Austrheim blitt ein middelinntektskommune med ein skatteinngang på mellom 98 og 100 %. Dette betingar at vi må fokusere sterkare på nivået på lånegjelda. Kommunen ligg godt over nivået både i kommunegruppe 2 og landsgjennomsnittet. Det må vere eit klart mål å først kome ut av ROBEK-lista, så få eit stabilt overskot på driftsbudsjettet på minst 1,75 %. På den måten kan ein byggje opp eit disposisjonsfond og finansiere investeringar meir over driftsbudsjettet. Viss gjeldsnivået i Austrheim skal kome ned på landsgjennomsnittet, må gjelda nedbetalast med 31 mill kr. Viss gjeldsnivået skal ned på nivået i kommunegruppe 2, må gjelda nedbetalast med ca 25 mill kr.



#### Utvikling i lånegjelda

Figuren over viser utvikling i lånegjeld for Austrheim 2015-2018. I denne perioden er Årås skule renoverert for ca 24 mill kr og Kaland skule for ca 17 mill kr.

## KOSTRA-gjennomgang av drift i Austrheim

Tabellen under viser netto driftsutgifter fordelt på KOSTRA-funksjonar. Beløpet er kroner pr innbygger. Slike oversikter kan vere med og gi eit bilete over kva område i kommunen som er kostnadsdrivande. Samanlikninga er gjort med landsgjennomsnittet. I denne tabellen er tatt med dei utgiftene som inngår i inntektssystemet.

	Austrheim			Landet		
	2017	2018	Endring	2017	2018	Endring
<b>Barnehage (F201, 211, 221)</b>	<b>10 318</b>	<b>10 454</b>	<b>1,3 %</b>	<b>8 376</b>	<b>8 710</b>	<b>4,0 %</b>
201 Førskole	8 380	8 415	0,4 %	7 195	7 455	3,6 %
211 Styrket tilbud til førskolebarn	589	649	10,3 %	619	669	8,0 %
221 Førskolelokaler og skyss	1 349	1 391	3,1 %	562	587	4,6 %
<b>Administrasjon og styring (F100, 110, 120, 121, 130)</b>	<b>5 787</b>	<b>6 675</b>	<b>15,4 %</b>	<b>4 242</b>	<b>4 629</b>	<b>9,1 %</b>
100 Politisk styring	814	1 410	73,3 %	386	364	-5,7 %
110 Kontroll og revisjon	221	233	5,4 %	99	97	-1,7 %
120 Administrasjon	3 621	4 080	12,7 %	3 129	3 503	12,0 %
121 Forvaltningsutgifter i eiendomsforvaltningen	471	305	-35,3 %	279	288	3,2 %
130 Administrasjonslokaler	660	647	-1,9 %	350	376	7,5 %
<b>Landbruk (F329)</b>	<b>276</b>	<b>170</b>	<b>-38,6 %</b>	<b>102</b>	<b>112</b>	<b>9,7 %</b>
329 Landbruk	276	170	-38,6 %	102	112	9,7 %
<b>Grunnskole (F202, 215, 222, 223)</b>	<b>15 059</b>	<b>15 939</b>	<b>5,8 %</b>	<b>13 009</b>	<b>13 605</b>	<b>4,6 %</b>
202 Grunnskole	12 358	12 729	3,0 %	10 309	10 712	3,9 %
215 Skolefritidstilbud	74	197	164,3 %	225	265	17,4 %
222 Skolelokaler	2 281	2 546	11,6 %	2 211	2 365	6,9 %
223 Skoleskyss	346	467	35,0 %	264	264	0,2 %
<b>Pleie og omsorg (F234, 253, 254, 261)</b>	<b>19 043</b>	<b>19 853</b>	<b>4,3 %</b>	<b>17 218</b>	<b>18 470</b>	<b>7,3 %</b>
234 Aktivisering eldre og funksjonshemmede	1 325	1 150	-13,2 %	966	1 030	6,6 %

253 Pleie, omsorg, hjelp i institusjon	8 828	9 847	11,5 %	6 664	6 983	4,8 %
254 Pleie, omsorg, hjelp i hjemmet	7 299	7 049	-3,4 %	8 682	9 490	9,3 %
261 Botilbud i institusjon	1 591	1 807	13,6 %	906	968	6,8 %
<b>Kommnehelse (F232, 233, 241)</b>	<b>4 700</b>	<b>5 014</b>	<b>6,7 %</b>	<b>2 606</b>	<b>2 846</b>	<b>9,2 %</b>
232 Forebygging - skole- og helsestasjonstjeneste	402	491	22,2 %	621	694	11,7 %
233 Forebyggende arbeid, helse og sosial	601	496	-17,4 %	193	229	18,6 %
241 Diagnose, behandling, rehabilitering	3 697	4 026	8,9 %	1 791	1 923	7,4 %
<b>Barnevern (F244, 251, 252)</b>	<b>3 148</b>	<b>4 504</b>	<b>43,1 %</b>	<b>2 205</b>	<b>2 294</b>	<b>4,1 %</b>
244 Barneverntjeneste	849	1 099	29,5 %	649	703	8,4 %
251 Barneverntiltak i familien	700	551	-21,2 %	245	259	5,7 %
252 Barneverntiltak utenfor familien	1 600	2 853	78,4 %	1 311	1 332	1,6 %
<b>Sosialtjeneste (F242, 243, 281)</b>	<b>2 943</b>	<b>2 460</b>	<b>-16,4 %</b>	<b>2 537</b>	<b>2 665</b>	<b>5,0 %</b>
242 Råd, veiledning og sosialt forebyggende arbeid	1 219	1 188	-2,5 %	951	993	4,5 %
243 Tilbud til personer med rusproblemer	0	-210	-	384	408	6,4 %
281 Økonomisk sosialhjelp	1 724	1 482	-14,1 %	1 203	1 263	5,0 %

Rådmannen si tolking av KOSTRA-tabellen.

Det er viktig å forstå at tala i ein slik tabell ikkje er fasit. Samstundes kan vi nytta desse tala til å gå meir inn i våre lokale forhold og vurdere og analysere vidare der det er stor skilnad i kostnadene.

#### **Barnehage:**

201 Førskule er kostnader knytt til sjølve drift i barnehagane. Denne kostnaden ligg over samanliknbare. Det var ei nedbemanning sommaren 2018 og ei nedbemanning sommaren 2019. Neste år vil vi kunne sjå korleis dette gjev seg utslag. Det vil bli gjennomført nedbemanning i samband med 2020 budsjettet og.

221 Førskolelokaler og skyss. Dette er knytt til drift av bygga. Eine barnehagen er ganske ny med kapitalutgifter knytt til det. Samstundes er drift av dei kommunale bygga i kommunen dyr, dette er vi i gang med å undersøkje nærare.

### **Administrasjon og styring.**

Grunnen til at politisk styring kjem så høgt ut i 2018, er at kostnadene med avtalen med Blindheim og Søreide etter Breidvik-saka vart ført her.

Elles er det mindre kostnader med administrativ styring i Austrheim enn dei samanlikningbare i tabellen.

### **Grunnskule**

201 Grunnskule er drift av skule medrekna spesialundervisning. Prosjektet som vert drive med fokus på spesialundervisning, har mellom anna gitt kutt i kostnader knytt til det feltet i tillegg til at det er lagt opp til nye rutinar og samhandlingar innan feltet spesialundervisning. Kutta får først halvårsverknad i 2019, først i 2020 får dei heilårsverknad.

Skulefritidstilbod (SFO) ligg i tabellen under normert nivå. Noko av grunnen kan vere at timar til leiging og utgifter til lokale og straum er ført på skulen samla.

Skuleskyss i vesle Austrheim ligg over normert nivå. Noko av grunnen kan vere at fleire elevar har fått innvilga kommunal skyss på grunn av farleg skuleveg.

### **Pleie og omsorg.**

Dette området ligg under normert nivå. Her er det viktig å merke seg at 253, Nordliheimen og 261 institusjon, ligg over normert nivå. 254 Heimehjelp, ligg mykje under normert nivå. Det er på det området Austrheim vil få stadig større krav om tenester med den demografiske utviklinga vi ser.

### **Kommunehelse**

252 er helsestasjonen. 241 gjeld legekontor, Nordhordland Legevakt og fysioterapi og ergoterapi. Her ligg Austrheim over normert nivå. Det er gjort kutt i stillingar på legekontoret. Legeavtalane er under revisjon, men det er usikkert om det vil gi reduserte utgifter. Austrheim kommune har høge kostnader knytt opp til legelønn.

### **Barnevern**

244 gjeld den administrative delen av barnevernet. All lønn til fast tilsette vert ført her.

251 gjeld tiltak som avlastning, besøksheimar for barn som bur hos sine føresette

252 gjeld utgifter til barn som anten er frivillig plassert i fosterheim eller der retten har gitt Austrheim barnevern forsørgaransvaret. Her er og utgifter til institusjonsplassering innan Bufetat. Her har kommunen utgifter som overstig det normerte.

### **Sosialteneste**

Kostnader til dette kapitlet vert ført gjennom Fensfjorden Nav. Vertskommunen Masfjorden sender refusjon 3, fire ganger i året.

Andre område av den kommunale drifta.

#### KOSTRA-gjennomgang av dei mindre sektorane utanfor inntektssystemet

I KOSTRA-rapporteringa opererer dei med område som ligg utanfor inntektsområdet. Dette er mindre område når det gjeld økonomi, men som er viktig i den kommunale drifta. Denne tabellen er bygt opp litt annleis. Første kolonna viser kostnader for Austrheim i netto utgifter pr. innbyggjar, den andre viser landsgjennomsnittet. Kolonne 3 og 4 viser meir- eller mindretgifter samanlikna med landsgjennomsnittet og «normert nivå» for Austrheim. Tala i dei to radene er i millioner kroner. Vi vektlegg igjen at dette er ei samanlikning som kan inspirere til vidare djupdykk i tala, ikkje ein fasit.

	Netto driftsutgifter (kr per innb.) 2018		Mer-/mindretgifter (mill. kr) sammenlignet med	
	Austrheim	Landet	Landet	"Normert nivå»
<b>Fys.planl./kult.minne/natur/nærmiljø</b>	<b>1 477</b>	<b>792</b>	<b>2,0</b>	<b>1,8</b>
301 Plansaksbehandling	586	275	0,9	0,8
302 Bygge- delings- og seksjoneringsarbeid	366	36	1,0	0,9
303 Kart og oppmåling	327	94	0,7	0,6
335 Rekreasjon i tettsted	97	247	-0,4	-0,5
360 Naturforvaltning og friluftsliv	84	121	-0,1	-0,1
365 Kulturminnevern	17	20	0,0	0,0
<b>Kultur</b>	<b>3 350</b>	<b>2 428</b>	<b>2,7</b>	<b>2,0</b>
231 Aktivitetstilbud barn og unge	443	222	0,6	0,6
370 Bibliotek	453	296	0,5	0,4
373 Kino	27	7	0,1	0,1
375 Muséer	26	96	-0,2	-0,2
377 Kunstformidling	4	138	-0,4	-0,4
380 Idrett og tilskudd til andres idrettsanlegg	-24	211	-0,7	-0,7
381 Kommunale idrettsbygg og idrettsanlegg	1 383	594	2,3	2,1

383 Musikk- og kulturskoler	747	290	1,3	1,2
385 Andre kulturaktiviteter og tilskudd til andres kultur- og idrettsbygg	291	309	-0,1	-0,1
386 Kommunale kulturbygg	0	265	-0,8	-0,8
<b>Kirke</b>	<b>1 307</b>	<b>599</b>	<b>2,0</b>	<b>1,9</b>
390 Den norske kirke	1 307	510	2,3	2,2
393 Gravplasser og krematorier	0	89	-0,3	-0,3
<b>Samferdsel</b>	<b>1 637</b>	<b>980</b>	<b>1,9</b>	<b>1,6</b>
330 Samferdselsbedrifter/transporttiltak	240	-145	1,1	1,2
332 Kommunale veier	1 397	1 126	0,8	0,5
<b>Brann og ulykkesvern</b>	<b>1 353</b>	<b>849</b>	<b>1,5</b>	<b>1,2</b>
338 Forebygging av branner og andre ulykker	79	69	0,0	0,0
339 Beredskap mot branner og andre ulykker	1 274	780	1,4	1,2

Rådmannen sin gjennomgang og tolking av KOSTRA-tala

### Fysiskplanlegging/kulturminne/natur og nærmiljø

301, 302 og 303 er utgifter til avdelinga plan bygg og oppmåling.

#### Kultur

231 tenester inn mot unge og 370 bibliotek er begge område der Austrheim har høge driftsutgifter samanlikna med «normert» nivå. Dei to er og kommunale satsingsområde innan kulturen. 381 Kommunale idrettsbygg er og høg. Kommunen har bygd opp og eig heller større anlegg. I mange andre kommunar er det gjerne idrettslaga sjølve som eig og driftar anlegga. 383 Musikk- og kulturskulen har og eit høgt driftsnivå samanlikna med «normert» nivå.

#### Kyrkje

390 Den norske kyrkje har eit driftsnivå som er 218 % av landsgjennomsnittet. I tabellen vert det vist til at kommunen har meirutgift på 2,2 mill kr over «normert» nivå.

## Samferdsel


På kostrafunksjonen 330, fører vi alt som gjeld kaiar, drift av minibuss. I 2018 er og utgiftene til trippelladestasjonen ført med netto 1,24 mill kr.

På kostrafunksjonen 332 fører vi veglys, vegvedlikehald. I 2018 vart og ført utgifter til asfaltering og til veglysa Kvalvågen- Mastrevik med 3,0 mill kr. Det er kostnad før refusjon frå fylkeskommunen.

Endringar i alderssamansetjinga i Austrheim – demografiske utfordringar.

Austrheim kommune samarbeider med datafirmaet Powersim Care om å utvikle ein datasimulert modell for kotnader spesielt knytt til investering innan helse og omsorg. Modellen har og ein befolkningsmodul som viser SSB sin prognose for folketalsutviklinga i Austrheim. Tabellen og grafen under viser prognose for folketalsutvikling i dei ulike aldersgruppene. Til høgre står talet på innbyggjarar i kvar aldersgruppe i 2019 og det prognoserte i 2024.


Tabellen viser utviklinga i folketalet dei fem første åra. Det er spesielt i aldersgruppa 80-89 ein bør sjå på. Frå 109 i 2019 til 160 i 2024(ca 47 %). Dette vil føre til press på både heimebaserte tenester og ynskje om institusjonsplass og eldrebustader. Det er og verd å merka seg nedgangen i aldersgruppa som treng barnehageplass i perioden. Auken av barn i skulealder er og verd å merka seg. Samstundes må ein og vita at elevtalet i klassane ikkje er høgt i Austrheim. Ein auke i elevtalet vil truleg ikkje føre til auka kostnader med klassedelingar, men auka utgifter til læremiddel og skyss.






## «Omsorgstrappa.»

For å møte auken i den eldste aldersgruppa, må kommunen bygge ut både det frivillige arbeidet, det førebyggjande arbeidet, omsorgsbustader og sjukeheimsplassar. Dette blir ofte framstilt i omsorgstrappa.



Til slutt tar rådmannen med framskriving av folketallet i heile perioden for å understreke at den tidlegare påviste folketalsprognosen held fram til 2040. Det understrekar kor viktig det er å planleggja for hjelp til sjølvhjelp, lågterskeltilbod og auke i dei kommunale tenestene for denne aldersgruppa. Tenester kan vere t.d. auke i heimehjelp, institusjonsplassar og omsorgsbustader. I tillegg må kommunen arbeide godt med folkehelse og førebygging.



## Investeringar i økonomiplanperioden.

Ein av målsetjingane er å ha eit overskot på 1,75 % av brutto driftsinntekter. Brutto driftsinntekter i Austrheim er ca 280 mill kr. 1,75 % av det utgjør ca et utgjør ca 4,9 million kr. Desse midlane er tenkt gå inn i eit fond eller nyttast til investeringar.

### 1. IKT

Følgjande ligg inne i perioden.

- 150 000 kr kvart år til generell IKT-utbygging
- 400 000 kr kvart år til investeringar innanfor IKTNH.
- 150 000 kr kvart år til investeringar innanfor skulane
- 500 000 kr i 2021, -22 og -23 til fagfornynging på småskuletrinnet. Midlane skal i hovudsak nyttast til innkjøp av digitale hjelpemidlar på småskuletrinnet.
- 100 000 er lagt inn i 2020 og 2021 til innkjøp av digitale hjelpemidlar i barnehagane.
- 500 000 er lagt inn i 2021 til innkjøp av hjelpemidlar innanfor omsorgsteknologi. 1 mill kr står på 2020- budsjettet. Delar av dette prosjektet skal finansierast gjennom Husbanken. Det vil tilføre om lag 0,5-0,75 mill kr.
- Vatn og kloakk

Vatn:

Prosjektet med ny sjøleidning startar opp i 2020 og skal vidareførast. I tillegg skal det byggast vassleidning til Førlend. Det er sett av 15 mill i 2020 og same beløt i 2021. I 2022 og 2023 er det sett av 3 mill kr kvart år. Utbygginga skal finansierast med auka vassavgift.

Avløp:

- 1 kloakkstasjon må utbetrast.
- 3 nye kloakkpumpestasjonar må byggjast
- Noko av dette arbeidet må gjerast parallelt med utbygging av vatn.
- Samla kostnad stipulert til 6,9 mill kr.

Denne utbygginga skal finansierast gjennom auka kloakkavgifter.

- 7 mill kr er sett av i åra 2021 til 2023 til oppgradering Kaland skule.
- 5 mill kr er sett av til samla ungdomsskule. Midlane står i 2021 og 2022.
- Tiltak i landbruket  
Landbruksfagrådet har kome med ynskje om å setje av midlar som aktive bønder kan søkje på til ulike tiltak i landbruket t.d. veiting, skjøtsel av skogsområde, muring m.m. Det er sett av 300 000 kr i to år, 2020 og 2022.
- Byggutbetring  
500 000 kr er sett av kvart av åra i fireårs-perioden.
- Asfaltering  
Det er sett av 500 000 kr kvart år i åra 2021-2023.
- Trafikksikring  
Det er sett av 500 000 kr kvart av åra 2021, -22 og -23.
- Kartlegging

I åra 2021, -22 og -23 er det sett av 100 000 kr kvart av åra. Dette er midlar som kan nyttast m.a. inn i det interkommunale samarbeidet Nordhordland Digitalt.

- Investeringskostnader til kyrkja.  
I 2020 står det 700 000, dei tre neste åra står det 300 000 kvart år. Dette er usikre kostnader. Prosjektet med skifting og utbetring av søylene i kyrkjerommet vil eventuelt avklare om det kjem større kostnader framover.
- Steinalderbustad Fosnstraumen  
Austrheim har framheva dette som eit fyrtårnprosjekt. Fylkeskommunen har støtta dette som eit fyrtårnprosjekt og løyvd 400 000 kr. Riksantikvaren har løyvd ca 260 000 kr. Austrheim bør fremje dette prosjektet innunder Biosfæreprosjektet i Nordhordland. Prosjektet går ut på å byggje ein tilkomst til eit område med rike fornfunn. Austrheim må og leggje til rette for fiske frå land og betre tilkomst for dykking i området. Det er sett av tilsaman 950 000 i fireårsperioden. I prosjektet må det søkjast om eksterne midlar framover.

### Større byggeprosjekt.

- Omsorgsbustader Kaland.  
Kommunestyret har utsett bygginga til 2022. Det er viktig å gå gjennom prosjektet grundig for å gjere prosjektet med eldrebustader så rimeleg at prosjektet kan finansierast med husleige. Kostnadene i det prosjektet som vart utarbeidd i 2016, har for høge husleiger. Det er sett av 6 million i 2022 og 2023.
- Barnehagebygg Kaland.  
Bygget vart planlagt med ein større auke i barnetalet enn dagens SSB-prognose tilseier. Prosjektet bør såleis gåast gjennom slik at ein byggjer barnehage til dagens prognoserte barnetal. Det vert vist til prognosen tidlegare i dette skrivet som seier at barnetalet 0-6 år vil gå ned med ca 8 % i komande fireårs-periode. Det er sett av 10 mill i åra 2022 og 2023.

### Konklusjon

Dei investeringaprojekta som står ovanfor, må godkjennast av fylkesmannen sidan Austrheim står på ROBEK-lista. Rådmannen vil vektleggje at lånekostnadene for Austrheim må reduserast i perioden. Det blir ei oppgåve å få finansiert dei store projekta som eldrebustader, vatn og avløp med husleiger og avgifter. I tillegg må kommunen leggje opp til å betale ned på lån. Ein del av finansieringa av projekta bør skje ved sal av kommunale eigedommar.

VEDLEGG:

VEDLEGG: Fylkesmannen sitt skriv om statsbudsjettet 2020.

Fylkesmannen har sendt fylgjande informasjon om statsbudsjettet:

#### *STATSBUDSJETTET 2020 – KOMMUNEOPPLEGGET*

*I dag presenterer regjeringa framlegg til statsbudsjett for 2020. Fylkesmannen vil her gi eit samandrag som kan vera nyttig for kommunane i samband med budsjettarbeidet i haust. Det er ein pårekna prosentvekst frå 2019 til 2020 i frie inntekter for kommunane samla i Vestland som er lik den pårekna prosentveksten for kommunane samla i landet. Pårekna vekst frå 2019 til 2020 er 2,2 prosent både for kommunane i Vestland samla og for kommunane i landet samla. Frå 2020 blir det 43 kommunar i Vestland. 23 kommunar ligg likt eller over landsgjennomsnittet, medan 20 kommunar ligg under.*

*I brevet betyr «kommunane» primærkommunane utan at fylkeskommunane er med, og «departementet» betyr Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD). Vi tek i innleiinga med endringar i kommuneøkonomien for inneverande år.*

#### **Det økonomiske opplegget for 2019**

*I revidert nasjonalbudsjett var det ein pårekna skatteauke for kommunane i år på 1,2 prosent. Dei pårekna skatteinntektene er no justerte opp med kr 4,2 mrd. samla for kommunane i landet frå nivået i revidert nasjonalbudsjett. Pårekna skatteauke for i år blir med det justert opp frå 1,2 prosent til 3,8 prosent, ut frå faktisk innkomen skatt i 2018. Bakgrunnen for høgare skattevekst for kommunane er større vekst i sysselsetjinga og at utbytte til personlege skattytarar er på eit høgt nivå også for skatteåret 2018.*

*Den samla pris- og kostnadsveksten i kommunane var i revidert nasjonalbudsjett 3,0 prosent. Pårekna lønsvekst var 3,2 prosent i revidert nasjonalbudsjett. Den pårekna pris- og kostnadsveksten i kommunane for i år er uendra samanlikna med revidert nasjonalbudsjett.*

#### **Regjeringa sitt framlegg for budsjettåret 2020**

*Det er rekna med ein nominell skatteauke for kommunane frå 2019 til 2020 med 2,1 prosent. Pårekna skatteinntekter i 2020 byggjer blant anna på pårekna sysselsetjingsvekst ( 1,0 prosent) og lønsvekst ( 3,6 prosent).*

*Det er i statsbudsjettet lagt opp til at det kommunale skatteøyret blir justert frå 11,55 prosent i 2019 til 11,10 prosent i 2020.*

*Det er lagt opp til at skattedelen av kommunane sine samla inntekter skal vera om lag 40 prosent også for 2020. Den samla pris- og kostnadsveksten i kommunane –kommunal deflator –er i framlegget 3,1 prosent. Deflatoren blir nytta til prisjustering av statlege rammetilskot og øyremerkte tilskot i statsbudsjettet. Kostnadsdeflatoren består av: -*

*Lønsvekst 3,6 prosent*

*Varer og tenester 2,2 prosent*

*- Samla prisvekst 3,1 prosent*

*Samla vekst i frie inntekter*

Det er lagt opp til ein realvekst i dei frie inntektene for kommunane frå 2019 til 2020 med 1,3 mrd. Heile veksten går til primærkommunane. Veksten er rekna frå inntektsnivået i år som var lagt til grunn i revidert nasjonalbudsjett. Pårekna meirskatt etter dette, kr 4,2 mrd., er med andre ord ikkje med i samanlikningsgrunnlaget frå i år.

Veksten i dei frie inntektene er realauke slik at priskompensasjonen frå 2019 til 2020 vil kome som eit tillegg i inntektene.

Pårekna meirutgifter for primærkommunane i 2020 knytte til den demografiske utviklinga er kr 1,3 mrd. , for tenester som må bli finansierte av dei frie inntektene.

Meirutgiftene –finansierte av dei frie inntektene –knytte til demografi for kommunesektoren samla er lågare enn dette. Det skuldast at demografiutgiftene for fylkeskommunane er pårekna å bli reduserte frå 2019 til 2020 med kr 0,4 mrd. på bakgrunn av nedgang i aldersgruppa 16–18 år.

Det er rekna med at pensjonskostnadene vil gå ned med om lag kr 450 mill. for kommunesektoren i 2020. Også dette er i 2019-kroner. Det er stor uvisse knytt til overslaget. Det kan bli fordelt med om lag 90 prosent på primærkommunane og om lag 10 prosent på fylkeskommunane.

For primærkommunane er pårekna vekst i frie inntekter på same nivå som den delen av pårekna meirutgifter til demografi som må bli finansierte av dei frie inntektene, kr 1,3 mrd. Lågare pensjonskostnader frigjer midlar til andre satsingar.

Det er lagt til grunn at veksten i dei frie inntektene i 2020 skal gi rom for å styrka tidleg innsats i skulen (kr 400 mill.) og opptrapping av satsinga på rusomsorg (kr 150 mill. ).

#### Frie inntekter –skatt og rammeoverføring –på kvar kommune

Vedlagt tabell syner rammeoverføring og pårekna frie inntekter for 2020. Pårekna skatt og inntektsutjamning i tabellen byggjer på kommunane sin faktiske skatteinngang i 2018. Dette grunnlaget er justert opp i samsvar med pårekna samla skattevekst i 2019 og 2020.

I berekning av skatteprognose for 2020 er det justert for same endring i prosent i høve til rekneskapen 2018 for alle kommunane, uavhengig av den lokale utviklinga i kvar kommune etter 2018. Denne skatteprognosen er nytta som grunnlag for pårekna inntektsutjamning. Kommunane må justera for lokale tilhøve i budsjetteringa av skatt for 2020.

Veksten i frie inntekter vil variera mellom kommunane. Årsaker er følgjande punkt som påverkar kommunane ulikt frå år til år :

- endringar i inntektssystemet
- endringar i folketalet og alderssamansetjing
- endring i andre kriteriedata
- endring i fordelinga av skjønstilskot
  - endring i veksttilskot
  - endring i distriktstilskot eller småkommunetillegg
  - endringar i skattegrunnlaget

Priskompensasjon frå 2019 til 2020 er innarbeidd i oversynet for dei frie inntektene i vedlagt tabell.

Det er som nemnd rekna med ein nominell vekst i kommunane sine samla frie inntekter på lands-basis frå 2019 til 2020 med 2,2 prosent. Denne veksten er rekna i høve til pårekna inntektsnivå i år, medrekna oppjusteringa av skatteinntektene. Den pårekna veksten for kommunane samla i Vestland er også 2,2 prosent.

Auka rammeoverføring blir gitt for nye oppgåver og omfattar også heilårsverknader i denne samanhengen. Utrekna prosentvekst i dei frie inntektene er korrigererte for dette i vedlagt tabell, slik at kompensasjon i denne samanheng ikkje inngår i prosentveksten.

Dette vil også omfatta innlemming av øyremerkte tilskot i rammetilskotet. Det er dessutan også teke omsyn til grensejusteringar i berekninga av vekst.

#### Innlemming av øyremerkte tilskot i rammetilskotet

Det er framlegg om å innlemma fleire øyremerkte tilskot i rammetilskotet for 2020. Dei største tilskota er :

- tilskot til psykologar i dei kommunale helse- og omsorgstenestene
- tilskot til dagaktivitetstilbod til heimebuande personar med demens
- tilskot til etablering og tilpassing av eigen bustad
- tilskot til tidleg innsats i skulen gjennom auka lærarinnsats på 1.–10. trinn

Det sistnemnde tilskotet blir gitt ei særskilt fordeling innafor rammetilskotet i 2020.

#### **Aktuelle saker**

Psykologar i kommunane Frå 1. januar 2020 er det lovfesta at alle kommunar skal ha psykologkompetanse.

#### Opptrappingsplan for rus

Det er opptrappingsplan for rus med auka løyvingar til området i perioden 2016–2020. Satsinga har i hovudsak kome ved at ein del av veksten i dei frie inntektene er grunngitt med satsinga på rus-omsorg.

For 2020 er kr 150 mill. av veksten i dei frie inntektene grunngitt med satsinga. Fordelinga mellom kommunane blir gjort etter delkostnadsnøkkelen for sosialhjelp i inntektssystemet.

#### Helsestasjon og skulehelseteneste

Den delen av rammetilskotet som er grunngitt med satsinga på helsestasjon og skulehelsetenesta blir vidareført frå 2019 til 2020, med priskompensasjon. For 2020 er rammetilskotet knytt til føre-målet kr 904,6 mill. Midlane blir fordelte mellom kommunane på grunnlag av talet på innbyggjarar i alderen 0–19 år, med eit minstenivå på kr 100.000,- per kommune.

#### Dagtilbod til demente

Kommunane vil frå 1. januar 2020 få plikt til å tilby dagaktivitetstilbod til heimebuande personar med demens.

#### Tilskot til frivilligsentralar

Tilskot til frivilligsentralar vart innlemma i rammetilskotet frå og med 2017. Totalt kr 200,2 mill. blir gitt med særskilt fordeling i 2020 i rammetilskotet, med utgangspunkt i fordelinga av det øyremerkte tilskotet i 2016.

Det blir teke omsyn til etablering og avvikling av frivilligsentralar. Tilskot til frivilligsentralar vil bli fordelt etter dei ordinære kriteria i inntektssystemet frå og med 2021.

#### Sjukeheimplassar og omsorgsbustader

For 2019 gir tilsegsramma, etter vedtak om utviding i revidert nasjonalbudsjett, grunnlag for å gi investeringstilskot til om lag 2400 plassar med heildøgnsomsorg, fordelte mellom omsorgsbustader og sjukeheimplassar. For 2020 er det framlegg om ei tilsegsramme som vil gi grunnlag for å gi investeringstilskot til om lag 2000 einingar.

Målgruppa for ordninga er personar med behov for heildøgns helse- og omsorgstenester uavhengig av alder, diagnose og funksjonshemming.

Stortinget har vedteke ei gradvis endring i investeringstilskotet slik at det frå 2021 berre blir gitt investeringstilskot til heildøgns omsorgsplassar som gir netto auke i det samla talet på plassar i kommunen. Halvparten av plassane for 2020 er netto nye og halvparten rehabiliterte.

#### Ressurskrevjande tenester

Ordninga med øyremerkte tilskot for ressurskrevjande tenester gjeld for tenestemottakarar til og med det året dei blir 67 år. Utbetaling av tilskot til kommunane i 2020 vil vera basert på direkte løns- utgifter i 2019 knytte til tenestemottakarar.

Det er lagt opp til følgjande for 2020:

- Kompensasjonsgraden blir vidareført med 80 prosent av netto utgifter ut over innslags-nivået.
- Innslagsnivået for å få kompensasjon blir auka per tenestemottakar frå kr 1,270 mill. til kr 1,361 mill. for netto utgifter i 2019. Det inneber ein auke på kr 50.000,- utover justering for pårekna lønsvekst i 2019 ( 3,2 prosent).
- Kompensasjonen som blir utbetalt frå staten til kommunane i 2020 skal kommunane inntektsføra i sine rekneskap for 2019. Kommunane skal inntektsføra den pårekna kompensasjonen i rekneskapen for det same året som utgiftene har vore.
- Tilskot for personar med psykisk utviklingshemming (16 år og eldre) i rammetilskotet blir trekt frå nettoutgiftene i berekningsgrunnlaget.

Eventuelle statlege øyremerkte tilskot blir også trekt frå berekningsgrunnlaget.

#### Kompensasjon for endringar i regelverket for arbeidsavklaringspengar

Med verknad frå 1. januar 2018 vart det gjennomført endringar i regelverket for arbeidsavklaringspengar. I revidert nasjonalbudsjett for 2019 vart kommunane kompenserte for ein auke i pårekna meirutgifter til økonomisk sosialhjelp i 2019 som følgje av endringane. Kompensasjonen vart gitt med ein auke i rammetilskotet på kr 90 mill.

Det er lagt opp til å vidareføra denne kompensasjonen i 2020.

#### Lærarnorm

Kr 400 mill. av veksten i dei frie inntektene for 2020 er grunnlagt med tidleg innsats i skulen, 1.–10. trinn. Desse midlane blir i 2020 fordelte etter delkostnadsnøkkelen for grunnskule. Det er framlegg om å innlemma i rammetilskotet kr 1.316,8 mill. av det øyremerkte tilskotet frå kapittel 226 post 63, som er til tidleg innsats i skulen gjennom auka lærarinnsats på 1.–10. trinn. Det øyremerkte tilskotet er i 2019 om lag kr 1,7 mrd. for kommunane. Desse midlane blir i 2020 fordelte særskilt i rammetilskotet, med om lag same fordeling som i 2019 når dei var øyremerkte. Fordelinga mellom kommunane er vist i eigen kolonne i vedlagt tabell. Frå 2021 vil midlane bli fordelte etter dei ordinære kriteria i inntektssystemet, det vil seie etter del-kostnadsnøkkelen for grunnskule.

#### Overføring av ansvaret for skatteinnkrevjing

Det er framlegg om å overføra ansvaret for skatteinnkrevjing frå kommunane til Skatteetaten frå 1. juni 2020. Det er difor lagt opp til å redusera rammetilskotet i 2020 med kr 644,4 mill. Dette utgjør 7/12 av verknaden for eit heilt år (rekna til kr 1105 mill.).

### **Kommunereform**

#### Inndelingstilskot

Årlege inndelingstilskot vil erstatta bortfall av basistilskot og eventuelt bortfall av småkommune-t tillegg eller reduksjon i distriktstilskot som følgje av samanslåing. Den nye kommunen vil ta imot fullt inndelingstilskot i femten år etter samanslåing, før tilskotet deretter blir trappa ned over fem år. Tilskot blir tillagt årleg priskompensasjon. For allereie vedtekte samanslåingar i kommunereform 2014–2017 vil det årlege inndelingstilskotet, som blir utbetalt frå og med iverksetjing av samanslåing i 2020, vera basert på inntektssystemet i 2016. Det vil seia at det er basert på inntektssystemet før endringane i 2017. Basistilskotet i 2016 var kr 13,2 mill. per kommune. For nye samanslåingar vil inndelingstilskotet bli berekna på grunnlag av inntektssystemet i det året samanslåinga trer i kraft. Fordelinga av inndelingstilskotet i 2020 mellom nye kommunar er vist i eigen kolonne i vedlagt tabell.

#### Regionsentertilskot

Det er lagt opp til å vidareføra regionsentertilskotet. Vilåret er at ny kommune får over om lag 8.000 innbyggjarar.

Tilskotet blir fordelt delvis med ein lik sats per innbyggjar (i 2020 kr 68,-) og delvis med ein lik sats per samanslåing (i 2020 kr 3,256 mill.). Satsane er prisjusterte frå 2019 til 2020. Det er lagt til grunn innbyggjartal frå 1. januar 2019.

Vi viser til informasjon om eingongstilskot i kommunesamanslåingar i vårt brev av 24. mai d.å. om kommuneproposisjonen.

Andre tilskotsordningar i kommunesamanslåingar er støtte til utgreiingar etter ein modell frå departementet, og støtte til informasjon og folkehøyring.

### **Inntektssystemet i 2020**

#### Inntektsutjamning

Inntektsutjamninga er 60 prosent av skilnaden mellom kommunane sitt skattenivå og gjennomsnittleg skattenivå for landet. Tilleggskompensasjonen –for kommunar med lågt skattenivå –er 35 prosent av det skattenivået er under 90 prosent av landsgjennomsnittet. Kompensasjonsgraden blir vidareført som i noverande inntektssystem.

#### Overgangsordninga INGAR



*Overgangsordninga med inntektsgarantitilskot (INGAR) gir kompensasjon for ei utvikling i rammetilskotet med meir negativt avvik enn eit fastsett beløp per innbyggjar (grenseverdien) frå landsgjennomsnittet, frå eit år til det neste. Grenseverdien for kompensasjon er no kr 400,- per innbyggjar. Det vil m.a.o. vera den delen av utviklinga i rammetilskot frå det eine året til det neste året som er meir enn kr 400,- per innbyggjar svakare enn landsgjennomsnittet, som blir kompensert.*

*INGAR tek ikkje omsyn til endring i skatt, inntektsutjamning, veksttilskot og skjønstilskot.*

*INGAR tek omsyn til endringar i inntektssystemet, innlemming av øyremerkte tilskot i rammeoverføring, oppgåveendringar, endringar i kriteriegrunnlaget (t.d. talet på eldre og personar med psykisk utviklingshemming), bortfall av småkommunetillegg og nedgang eller bortfall av distriktstilskot.*

#### Teljetidspunkt

*For 2020 gjeld folketal per 1. juli 2019 for innbyggjartilskotet (medrekna overgangsordninga INGAR) og kriteria for aldersgrupper i utgiftsutjamninga. Andre kriteriedata i utgiftsutjamninga er frå 1. januar 2019. Oppdatering av folketal i inntektsutjamninga blir vi dareført med teljedato 1. januar i sjølve budsjettåret.*

#### Veksttilskot

*Veksttilskotet blir gitt til kommunar som har hatt ein årleg befolkningsvekst dei siste tre åra høgare enn ei vekstgrense i prosent (gjennomsnitt per år). I 2020 blir vekstgrensa ført vidare med 1,4 prosent.*

*Veksttilskotet blir gitt med eit fastsett beløp per innbyggjar utover vekstgrensa, i 2020 kr 60.615,-.*

#### Distriktstilskot utanom småkommunetillegg

*Distriktstilskotet skal ivareta kommunar i Sør-Noreg med svak samfunnsutvikling. Det blir gitt til kommunar som har ein distriktsindeks på 46 eller lågare.*

*Skattenivået må ha vore under 120 prosent av landsgjennomsnittet i gjennomsnitt for dei siste tre åra, for at kommunen skal få tilskot.*

*Den eine delen av tilskotet blir gitt med ein sats per kommune, og den andre delen av tilskotet blir gitt med ein sats per innbyggjar. Begge delane av tilskotet blir gradert på grunnlag av distrikts-indeksen slik at lågare indeks gir større tilskot.*

#### Småkommunetillegg

*Småkommunetillegget blir gitt til kommunar med under 3.200 innbyggjarar. Tilskotet er frå og med 2017 gradert på grunnlag av distriktsindeks. Jo høgare distriktsindeks, jo større trekk i høve til fullt tilskot (opp til 50 prosent). Dei kommunane som har lågast indeks får ikkje noko trekk i høve til fullt tilskot.*

*Skattenivået må ha vore under 120 prosent av landsgjennomsnittet i gjennomsnitt for dei siste tre åra, for at kommunen skal få tilskot.*

#### Distriktsindeks

Departementet legg opp til at den same distriktsindeksen som blei brukt i inntektssystemet for 2019, også blir brukt ved fordelinga av distriktstilskot og småkommunetillegg i 2020. Han er berre oppdatert med nye tal.

Distriktsindeks for nye kommunar er utrekna som eit vekta gjennomsnitt av indeksen for dei tidlegare kommunane.

Departementet vurderer indeksen og ser dette i samanheng med distriktstilskot, medrekna småkommunetillegget. Departementet vil kome attende til dette i kommuneproposisjonen for 2021.

### Utgiftsbehov

Gjennom utgiftsutjamninga i inntektssystemet skal kommunane få full kompensasjon for skilnader i kostnader som dei ikkje sjølve kan påverka. Grunnlaget for omfordelinga i utgiftsutjamninga er utgiftsbehovet per innbyggjar for landsgjennomsnittet og for den einskilde kommunen.

### **Skjønstilskot**

a) Fylkesmannen sine ordinære skjønsmidlar for 2020.

Basisramma for fylkesmennene sitt samla skjønstilskot i landet blir redusert med kr 50 mill. frå 2019 til 2020, til kr 950 mill. i 2020. For Vestland blir basisramma redusert frå kr 168,3 mill. i 2019 til kr 163,0 mill. i 2020.

For kommunesamanslåingar i Vestland er skjønstilskot for 2020 vidareført med same nominelle beløp som kommunane i samanslåinga fekk samla i skjønstilskot for 2019.

Ein del av skjønnsramma for 2020 vil først bli fordelt mellom kommunane i budsjettåret 2020. Vi vil i denne samanhengen blant anna vurderer utilsikta negative verknader på rammetilskotet som følgje av kommunesamanslåing. Departementet reknar ikkje endringar i inntektsutjamninga knytte til kommunesamanslåing som utilsikta verknader.

Fordelinga av skjønstilskot for 2020 er vist i eigen kolonne i vedlagt tabell. Vi viser til vår nettside der det er lagt ut meir informasjon om fordelinga av skjønstilskot mellom kommunane.

b) Departementet sine skjønsmidlar for 2020.

Departementet vil ha ein reserve av skjønsmidlar på kr 120 mill. for 2020. Desse midlane kan mellom anna nyttast til å gi kompensasjon for reduksjon i veksttilskot som følgje av kommunesamanslåing.

Berekningsgrunnlaget for kompensasjon i 2020 vil vera reduksjonen i veksttilskot frå det kommunane samla ville fått i veksttilskot dersom dei framleis var kvar for seg, til det den nye kommunen faktisk får i veksttilskot.

Kompensasjonen i 2020 vil vera 80 prosent av dette berekningsgrunnlaget. I 2021 vil det same berekningsgrunnlaget som for 2020 bli nytta. Kompensasjonen i 2021 vil vera 40 prosent av dette berekningsgrunnlaget. Kompensasjonen blir teke heilt bort i 2022.

Denne kompensasjonen inngår ikkje i tala for rammetilskot i statsbudsjettet. Kompensasjonen kjem med andre ord som eit tillegg til tala for rammetilskot i vedlagt tabell og det som går fram av «Grønt hefte». Departementet legg opp til ei eingongsutbetaling av kompensasjonen tidleg i 2020.

### **Eigedomsskatt**

*Det er vedteke for 2020 at maksimal skattesats for eigedomsskatt for bustad- og fritidseigedomar blir redusert frå sju til fem promille. Det er også vedteke for 2020 at obligatorisk reduksjonsfaktor i eigedomsskattetaksten blir auka frå 20 til 30 prosent for bustad- og fritidseigedomar.*

*Det er framlegg for 2021 at maksimal skattesats for eigedomsskatt for bustad- og fritidseigedomar blir redusert ytterlegare frå fem til fire promille.*

*I statsbudsjettet for 2019 vart det sett av kr 71 mill. til kompensasjon for kommunar som får reduserte inntekter som følgje av at dei ikkje lenger kan krevje eigedomsskatt på produksjonsutstyr og installasjonar. Denne kompensasjonen er i 2019 gitt som skjønstilskot frå departementet.*

*I 2020 vil den samla kompensasjonen for dette inntektstapet bli auka til kr 143 mill. ( 2/7 av kr 500 mill.). Kompensasjonen er rekna for 2020 som inntektsbortfall ( 2/7 av full verknad) utover om lag kr 32,- per innbyggjar. For 2020 vil denne kompensasjonen bli flytta over frå skjønstilskot til særskilt fordeling i det ordinære rammetilskotet (innbyggjartilskotet).*

#### Harmonisering av eigedomsskatt ved kommunesamanslåing

*Regjeringa føreslår ei overgangsordning i eigedomsskattelova for eigedomsskatt ved kommunesamanslåing. Det vil leggja til rette for harmonisering av eigedomsskatten i ny kommune.*

*Det er framlegg om ein overgangsperiode på tre år. I denne overgangsperioden kan kommunane auka satsane med inntil ei promilleining per år på bustad og fritidseigedomar og to promille-einingar per år for næringsseigedom.*

*I overgangsperioden kan ulike delar av den nye kommunen ha ulike skattesatsar for eigedomsskatt på same type eigedom. Overgangsperioden skal nyttast til å harmonisera eigedomsskatten i den nye kommunen.*

*Det er valfritt om kommunen startar samordning det første eller andre året etter samanslåing. Dersom kommunane vel å utsetje oppstart av overgangsperioden, vil tilhøva med omsyn til eigedomsskatt vera uendra det første året etter samanslåing. Dette vil til dømes gi meir tid til å gjennomføra ei taksering.*

*Nye reglar vil tre i kraft frå og med eigedomsskatteåret 2020. Departementet vil gi nærare informasjon i brev.*

*Med helsing*

*Lars Sponheim*

*Gunnar O. Hæreid*

*assisterande fylkesmann*

*Dersom det er spørsmål til innhaldet i brevet, kan kommunane ta kontakt med Håvard Rød (55572143), Marit Lunde (57643005) eller Kåre Træen (57643004) hjå Fylkesmannen.*

**NB. Tabellen som er vist til i skrivet er ikkje lagt ved. Tala som gjeld Austrheim har rådmannen lagt inn i punktet der skriver er kommentart.**

---

**Fra:** Atle Utkilen <atle@adu.no>  
**Sendt:** onsdag 27. november 2019 15.15  
**Til:** Liv Løvvik; Inger-Lise Brekke; helge@dyrkolbotn.no; Bjørn Inge Dyrkolbotn; Per Lerøy  
**Kopi:** Monika Kvamme; Olav Mongstad; Ketil Tjore; Post Austrheim  
**Emne:** Re: Busstransport for dei som jobbar på Aufera - Budsjettsak  
**Vedlegg:** Epost\_oversendelse\_notat.pdf;  
Merknad1\_RMNF\_Sak\_og\_budsjettinnspel\_busstransport\_aufera\_rmnf.pdf; Sak\_og\_budsjettinnspel\_busstransport\_aufera\_rmnf.pdf; Dokument\_196313\_Budsjett\_2020.pdf


Hei

På vegne av Råd for menneske med nedsatt funksjonsevne (RMNF) oversender eg med dette eit notat med merknad til korleis saka har vorte handsaman i kommunen.

- Merknad1\_RMNF\_Sak og budsjettinnspel ( hovuddokument)
- Epost korresepondanse knytt til vår notat av 24.10.2019
- Kopi av vårt notat av 24.10.2019
- Dokument – oversikt over kva som fulgte saka i formannskapet.

--

*Med vennleg helsing*



**Atle Utkilen**

Mob 970 67 161

---

**Fra:** LPP Nordhordland <atle@adu.no>  
**Dato:** fredag 25. oktober 2019 09:43  
**Til:** "[liv.lovvik@austrheim.kommune.no](mailto:liv.lovvik@austrheim.kommune.no)" <[liv.lovvik@austrheim.kommune.no](mailto:liv.lovvik@austrheim.kommune.no)>, Inger-Lise Brekke <[ilb5943@uahoo.no](mailto:ilb5943@uahoo.no)>, "[helge@dyrkolbotn.no](mailto:helge@dyrkolbotn.no)" <[helge@dyrkolbotn.no](mailto:helge@dyrkolbotn.no)>, Bjørn Inge Dyrkolbotn <[Bjorn.Inge.Dyrkolbotn@austrheim.kommune.no](mailto:Bjorn.Inge.Dyrkolbotn@austrheim.kommune.no)>, Per Lerøy <[perleroey@gmail.com](mailto:perleroey@gmail.com)>, LPP Nordhordland <[atle@adu.no](mailto:atle@adu.no)>  
**Kopi:** Monika Kvamme <[Monika.Kvamme@austrheim.kommune.no](mailto:Monika.Kvamme@austrheim.kommune.no)>, Olav Mongstad <[Olav.Mongstad@austrheim.kommune.no](mailto:Olav.Mongstad@austrheim.kommune.no)>, Ketil Tjore <[ketil.tjore@austrheim.kommune.no](mailto:ketil.tjore@austrheim.kommune.no)>  
**Emne:** Busstransport for dei som jobbar på Aufera - Budsjettsak

På vegen av RMNF ( Råd for menneske med nedsatt funksjonsevne) oversender eg eit innspel/notat vedr busstransport for brukarar av Aufera.

Eg vonar at dette vert tatt omsyn til ved budsjetthandsaminga.

Skulle noko vera uklart er det berre å ta kontakt.

 *Med vennleg helsing*  
  
**Atle Utkilen**  
Mob 970 67 161

**Emne:** SV: Busstransport for dei som jobbar på Aufera - Budsjettsak  
**Dato:** fredag 25. oktober 2019 09:57:10 sentraleuropeisk sommertid  
**Fra:** Olav Mongstad  
**Til:** Atle Utkilen  
**Vedlegg:** image002.jpg

Hei

Vi skal leggje brevet ditt inn i budsjettsaka.

Det er heilt rett at vi vil leggje fram forslag på å kutte busstransporten frå januar.

Vi arbeider med om andre kan ha løysingar på dette.

I dag er det brukarar som nyttar offentleg transport til Manger på dagar vi ikkje har busstransport.

Olav

---

**Fra:** Atle Utkilen <atle@adu.no>

**Sendt:** fredag 25. oktober 2019 09.43

**Til:** Liv Løvvik <liv.lovvik@austrheim.kommune.no>; Inger-Lise Brekke <ilb5943@uahoo.no>; helge@dyrkolbotn.no; Bjørn Inge Dyrkolbotn <Bjorn.Inge.Dyrkolbotn@austrheim.kommune.no>; Per Lerøy <perleroey@gmail.com>; Atle Utkilen <atle@adu.no>

**Kopi:** Monika Kvamme <Monika.Kvamme@austrheim.kommune.no>; Olav Mongstad <Olav.Mongstad@austrheim.kommune.no>; Ketil Tjore <ketil.tjore@austrheim.kommune.no>

**Emne:** Busstransport for dei som jobbar på Aufera - Budsjettsak

På veggen av RMNF ( Råd for menneske med nedsatt funksjonsevne) oversender eg eit innspel/notat vedr busstransport for brukarar av Aufera.

Eg vonar at dette vert tatt omsyn til ved budsjetthandsaminga.

Skulle noko vera uklart er det berre å ta kontakt.

 Med vennleg helsing  
  
Atle Utkilen  
Mob 970 67 161



Vår ref

Deres ref

Dato

Merknad1\_RMNF\_Sak\_og\_budsjettinnspel\_busstransport\_aufera\_rmnf.docx

26.11.2019

## RMNF – ER EIT HØRINGSORGAN I KOMMUNEN!

Sak:	<ul style="list-style-type: none"> <li>• <b>Busstransport for dei som jobbar på Aufera.</b></li> <li>• <b>Innspel til budsjetthandsaminga</b></li> </ul>
Vert sendt til:	<ul style="list-style-type: none"> <li>✓ <b>Rådmann - Liv Løvvik</b></li> <li>✓ Kommunasjon Helse- og omsorg - Monica Kvamme</li> <li>✓ Arbeidarpartiet</li> <li>✓ Høgre</li> <li>✓ Kristeleg Folkeparti</li> <li>✓ Senterpartiet</li> <li>✓ Bygdelista</li> </ul>

### BAKGRUNN FOR DETTE SKRIVET

RMNF sendte 24.10.2019 notat til Austrheim kommune og med kopi til alle politiske parti. Det var eit innspel til budsjetthandsaminga. Vi la til grunn at vårt innspel vart tatt med på lik linje med alle andre sine innspel til budsjett. Derfor er vi både overraska, og ikkje minst skuffa når vi ser at vårt dokument er utelatt i sak 19/6313 i formannskapet.

*Vi legg ved:*

- Epost-korrespondanse inkl svar.
- Kopi av vårt notat av 24.10.19

Dei politiske partia har fått kopi av notatet, men kva med alle andre som les saksdokumenta? Frå utsida sit ein igjen med eit inntrykk av at bussen ikkje er så viktig for brukarane, då ingen har argumentert mot nedlegging.

Er saka handsama på ein rett måte i kommunen/formannskapet?

### VI HAR NO FLEIRE SPØRSMÅL.

I budsjettskrivet frå rådmann (81749-1-A) står det følgjande på side 11:

*«Teknisk drift*

*Austrheim har gjennom fleire år hatt tilbod om eigen buss til dei som arbeider ved Aufera AS på Manger. Dette har vore eit samarbeidstiltak med Nav. Sjøføren pensjonerar seg ved årsskiftet. Rådmannen foreslår at transpotttilbodet vert lagt ned. Det er mogleg å kome med buss frå Mastrevik Torg til arbeid. Nokre av brukarane nyttar dette busstilbodet nokre dagar i veka i dag.*

*Innsparing netto ca 450 000 kr.*

*Dersom Austrheim skulle hatt eigen sjåfør i eiga stilling for dette, ville årskostnaden vore rundt 7 – \_800 000 kr.»*

### **Våre spørsmål:**

- Kven eig bussen? Kva skjer med den?
- Det er ein 16-setars buss. Transport til Aufera kan utførast med mindre bil minibuss 9-seter. Er dette vurdert?
- Transport omhandlar også brukar frå Fedje. Har kommunen fått støtte frå Fedje?

- Transporten har vore i samarbeid med Nav. Har kommunen fått støtte til transporten? Vil kommunen få støtte vidare dersom transport vert vidareført?
- Kva har buss og sjåfør vore nytta til utover transport til Aufera?
- Har ein fordelt kostnadane, eller er alt ført på transport til Aufera?
- Er det mogeleg å få innsyn i rekneskap knytt til bruk av buss og sjåfør for perioden 2013-2019?
  - Kvar vert eigenbetaling frå brukarane ført i rekneskapet? Tall?
  - Kvar vert eigenbetaling frå andre som brukar bilen ført? Tall?
- Korleis har ein kome fram til innsparing 450 000?
- Kvifor vel ein å framprovosera saka/kostnad med å hengja på « dersom Austrheim skulle hatt eigen sjåfør i eiga stilling til dette, ville årskostnaden vore rundt 7-800 000 kr?

### **SLUTTMERKNAD**

Saka har no vore handsama i formannskapet. Underteikna er ikkje gjort kjent med vedtak i saka, men har fått signal om at formannskapet har støtt nedlegging. Vi er skuffa om dette er rett, og det gjev eit signal om manglande forståing over for sårbare personar.

*For*

*Råd for menneske med nedsett funksjonsevne ( RMNF)*

*Atle Utkilen*

*Leiar -RMNF*



Vår ref

Deres ref

Dato

Sak\_og\_budsjettinnspel\_busstransport\_aufera\_rmnf.docx

24.10.2019

## NOTAT

Sak:	<ul style="list-style-type: none"> <li>• <b>Busstransport for dei som jobbar på Aufera.</b></li> <li>• <b>Innspel til budsjetthandsaminga</b></li> </ul>
Vert sendt til:	<ul style="list-style-type: none"> <li>✓ <b>Rådmann - Liv Løvvik</b></li> <li>✓ Kommunasjon Helse- og omsorg - Monica Kvamme</li> <li>✓ Arbeidarpartiet</li> <li>✓ Høgre</li> <li>✓ Kristeleg Folkeparti</li> <li>✓ Senterpartiet</li> <li>✓ Bygdelista</li> </ul>

### BAKGRUNN

Rådet har fått opplyst at kommunen v/Olav Mongstad og Monika Kvamme har kome med forslag om å kutta ut busstilbodet for dei som jobbar på Aufera.

Vi vonar at dette ikkje stemmer.

### KOMMUNEN STØTTA AUFERA – DET FORPLIKTAR OVER FOR BRUKARANE

Aufera AS er ei vekstbedrift som legg til rette arbeidsplassar for alle personar som har ei restarbeidsevne, uansett årsak til yrkeshemming.

Kommunen stilte i haust i sak KS -049/19 lånegarantien for at Aufera skulle kunna kjøpa nye lokale på Manger og derved både sikra og utvida drifta. Vi er glad for dette vedtaket.

Vi er også glad for at kommunen gjennom støtta til Aufera bidrar til at vi har slike arbeidsplassar. Det betyr mykje for samfunnet, og ikkje minst for den enkelte. Det å ha ein plass å gå til, møta kollega, får fylt dagen sin med noko meningsfylt, gjer at ein føler ein er verdt noko.

Brukarane av Auferea er der fordi dei treng tilrettelagte arbeidsplassar. Tilbodet om arbeidsplass ved Auferea har dei fått gjennom Nav og det er kommunen som har bestemt at dei skal vera der. Då er det også rimeleg at kommunen bidrar til at dei kjem seg til Manger. Det er i dag 7 personar frå Austrheim og 1 frå Fedje som nyttar seg av tilbodet.

Busstilbodet er ein føresetnad for at brukarane kjem seg til Manger. Utan busstilbodet vil denne sårbare gruppa ikkje makta, eller våga å koma seg ut. Vi vonar at kommunen ser dette, og sikrar midlar for vidare drift av tilbodet. Vi vonar at alle partia i kommunen støttar oss i denne saka.

I denne omgang har vi fokus på å sikra midlar til busstilbodet i budsjettet. Vi er sjølv sagt opne for å sjå på ulike løysningar for transport for denne gruppa og anmodar derfor om at kommunen legg dette fram som eiga sak for handsaming både i RMNF og i kommunestyret.



## **FORSLAG TIL VEDTAK**

1. Austrheim kommunen vidarefører busstransporten for brukarane av Aufera, minimum på same nivå som i dag. Det vert satt av naudsynte midlar i budsjett for 2019 til tiltaket.
2. Kommunen legg fram eiga sak om bruk av eigen minibuss.
  - a. Kva den vert brukt til i dag og kostnader knytt til dette; både sjølve bilen og sjøfør.
  - b. Kapasitet – kan den brukast til andre transportføremål, t.d betre kommunikasjon internt i kommunen?

*For*

*Råd for menneske med nedsatt funksjonsevne ( RMNF)*

*Atle Utkilen*

*Leiar -RMNF*

# Saksframlegg

>> [Gå til arkivsak](#)

<b>DokumentID:</b>	19/6313 - Budsjett 2020 og økonomiplan 2020-2023
<b>ArkivsakID:</b>	<a href="#">19/495 - Budsjett 2020</a>
<b>Journaldato:</b>	20.11.2019
<b>Brevdato:</b>	25.10.2019
<b>Dokumentansvarleg:</b>	<a href="#">Olav Mongstad</a>

## Tekstar

-  [Budsjett 2020 og økonomiplan 2020-2023](#) (Hoveddokument , 245KB)
-  [Kutt i budsjett 2020 - uttale frå Fagforbundet v/HTV](#) (Vedlegg , 394KB)
-  [Kutt i budsjett 2020 og ned bemanning i Barnehagane i Austrheim Kommune](#) (Vedlegg , 342KB)
-  [Innspel frå NSF ved Unn Iren Martinsen Tangedal](#) (Vedlegg , 55KB)
-  [Frå Utdanningsforbundet - budsjettinnspel barnehage](#) (Vedlegg , 953KB)
-  [Frå Utdanningsforbundet - budsjettinnspel skule](#) (Vedlegg , 643KB)
-  [Konkrete framlegg til innsparingar/inntektsauke Austrheim sokn](#) (Vedlegg , 495KB)
-  [Taloversyn - Budsjett 2019 - økonomiplan 2019-2023](#) (Vedlegg , 7MB)
-  [Innspel om Budsjettkutt - uttale frå FAU/SU Kaland barnehage](#) (Vedlegg , 408KB)
-  [Innspel om flytting av 8. klasse ved Kaland ungdomsskule frå FAU Kaland](#) (Vedlegg , 758KB)
-  [Rådmannen sitt budsjettsskriv 08.11.2019](#) (Vedlegg , 1MB)

## Kontaktinformasjon om tenesta

[Austrheim kommune](#),  
Sætremarka 2  
5943 Austreim

Telefon: 56162000

## Meir informasjon om tenesta

[Send epost med spørsmål til Austrheim kommune](#)  
[Meir utfyllande kontaktinformasjon om tenesta.](#)